

Huglo  
Stord kommune

## Kommunedelplan med konsekvensutgreiing

Hovudrapport



## Føreord

I samband med handsaming av kommuneplanen kom det svært mange innspel om endring av arealbruken på Huglo. Etter at høyringsfristen var ute, kom det og fleire merknader til disponering av sjøareala.

I sakspremissane til kommunestyret i samband med slutthandsaming av kommuneplanen føresette rådmannen at det vart utarbeidd ein særskild kommunedelplan for Huglo der desse innspela vart vurderte samstundes som det vert sett fokus på huglasamfunnet for å opprettehalda eit levedyktig lokalsamfunn.

Arbeidet med kommunedelplanen vart starta i 2006. Men fekk ikkje forventa framdrift pga manglande ressursar. Hausten 2008 vart Akvator AS engasjert til å fullføra arbeidet og planprogrammet vart godkjent av formannskapet 18.02 2009.

Føremålet med kommunedelplanen er å vidareutvikla Huglo som eit robust, berekraftig og triveleg lokalsamfunn for fastbuande og vitjande.

Ved høyringa av planprogrammet går svært mange merknader på spørsmålet om å få frådelt tomter til hytter, næringsareal og bustader. Det er ei utfordring i planarbeidet å få godkjende vedtekter og areal som kan opna for dette.

Kommunedelplanen vert no handsama etter reglane i ny plan- og bygningslov med tilhøyrande krav til konsekvensutgreiing som er gjort gjeldande frå 1.juli 2009.

Planarbeidet er organisert som eit prosjekt med Stord kommune som oppdragsgjevar og prosjektansvarleg, Akvator som prosjektleiar, og ei plangruppe med deltakarar frå ulike fageiningar i Stord kommune og Huglo Bygdalag.

Formannskapet vedtok i møte 12.11.08 å revidera kommuneplan for Stord. Forslag til planprogram med konsekvensutgreiing er sendt ut på høyring i juni 2009. Dette planarbeidet som no vert gjort for Huglo vil difor i neste omgang bli innarbeidd i kommuneplanen. Denne arbeidsprosessen vil gje ei langt grundigare og betre vurdering av dei lokale utfordringane på Huglo, i høve til den vanlige prosessen med revidering av kommuneplanen for heile kommunen.

Planframlegget skal no leggjast fram til politisk handsaming i formannskapet og kommunestyre for endeleg vedtak.

<b>1</b>	<b>Samandrag</b> .....	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Innleiing</b> .....	<b>6</b>
2.1	Lokalisering .....	6
2.2	Føremål med prosjektet.....	7
2.3	Planhistorikk.....	7
<b>3</b>	<b>Plangrunnlaget</b> .....	<b>8</b>
<b>4</b>	<b>Organisering, medverknad og planprosess</b> .....	<b>11</b>
<b>5</b>	<b>Rammer og føringar for planarbeidet</b> .....	<b>12</b>
5.1	Nasjonale føringar .....	12
5.2	Regionale føringar/fylkesplanar .....	12
5.3	Lokale føringar .....	13
<b>6</b>	<b>Planomtale</b> .....	<b>17</b>
6.1	Innleiing .....	17
6.2	Plandokument .....	17
6.3	Næring og sysselsetjing .....	18
6.4	Busetnad - bustad og hytter .....	20
6.5	Infrastruktur .....	21
6.6	Strandsona .....	22
6.7	Biologisk mangfald .....	23
6.8	Kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap .....	25
6.9	Rekreasjon og friluftsliv - grønne verdiar .....	25
6.10	Oppvekst .....	27
6.11	Arealdelen .....	27
<b>7</b>	<b>Konsekvensutgreiing</b> .....	<b>29</b>
7.1	Gjennomføring av konsekvensutgreiinga .....	29
7.2	Naturressursar og naturmiljø .....	30
7.3	Strandsone .....	32
7.4	Rekreasjon og friluftsliv .....	33
7.5	Kulturminne og kulturmiljø .....	33
7.6	Beredskap ogulukkesrisiko .....	34
7.7	Lokal og regional utvikling .....	34
7.8	Konsekvensar på tiltaksnivå .....	36
<b>8</b>	<b>Samanstilling og tilråding</b> .....	<b>51</b>
8.1	Innleiing .....	51
8.2	Samanstilling av konsekvensar .....	51
8.3	Vurdering av planframlegg i høve mål og retningsliner .....	51
8.4	Tilråding.....	52
<b>9</b>	<b>Figur- og tabelloversyn</b> .....	<b>53</b>
<b>10</b>	<b>Føresegner og retningsliner</b> .....	<b>54</b>
<b>11</b>	<b>Plankart</b> .....	<b>68</b>

**Andre delrapportar som ikkje inngår i hovudrapporten:**

- Strandsonekartlegging på Huglo
- Kulturminne og kulturmiljø
- ROS-analyse
- Innspel til kommunedelplanprosessen

# 1 Samandrag

## 1.1 Bakgrunn for arbeidet

Kommunedelplan Huglo er ei oppfølging av kommuneplan for Stord kommune 2004-2015 som vart godkjent i Stord kommunestyre i 2006. I løpet av kommuneplanprosessen kom det mange og omfattande innspel frå Huglo. Det vart politisk semje om at det burde utarbeidast ein kommunedelplan for Huglo for å vurdera alle innspela frå Huglo. Prosessen kom i gong i 2006.

Kommunedelplanen er utarbeidd med konsekvensutgreiing etter ny plan- og bygningslova og ny forskrift om konsekvensutgreiingar. Planframlegget er basert på innspel frå dei ulike grunneigarane innanfor planområdet.

Planarbeidet er organisert som eit prosjekt med Stord kommune som oppdragsgjevar og oppdragsansvarleg, Akvator AS som prosjektleiar, og ei plangruppe med deltakarar frå ulike etatar i Stord kommune og Huglo Bygdalag.

Planutkastet sitt hovudmål er at Huglo skal vera eit robust, berekraftig og triveleg lokalsamfunn for fastbuande og vitjande. Gjennom arbeidet med kommuneplanen skal det leggjast til rette for auka busetnad, utvikling av ny og eksisterande næringsaktivitet, gode oppveksttilhøve, offentleg service og betre infrastruktur med omsyn til transport, IKT og kommunaltekniske anlegg.

## 1.2 Planomtale

Planområdet omfattar øya Huglo, med tilhøyrande øy/øygrupper Storsøy, Storholmen, Rubbholmen og Tveitøyane. Huglo er knytt til Stord og Tysnes med ferjesamband over Langenuen. Området vert av mange kalla ein "biologisk festplass", og er karakterisert av spreidd busetnad og jordbrukslandskap. Det er om lag 85 personar som bur fast på Huglo per 2009. Gjennomsnittsalderen er høg og folketalet har gått ned dei siste ti åra. Dette er faktorar som svekkar grunnlaget for næring og anna infrastruktur, som t.d. nærbutikk, skule og barnehage.

Det er kome inn over 40 innspel frå private i løpet av planprosessen. Desse er handsama både individuelt på grunneignar nivå og i samanheng med andre tilgrensande innspel.

Stord kommune ønskjer å leggja til rette for ei bygdeutvikling slik dei som "eig og driv" bygda ønskjer, innanfor rammene av ei berekraftig og planretta utvikling. Det er sett hovudfokus på revidering av arealdelen for å leggja til rette for arealføremål som fremjar utvikling av samfunnet. Viktige prinsipp som bruk og vern av strandsona, fleksibilitet i høve utvikling av nye bustad- og fritidsbustadområde, samt tilrettelegging for næringsaktivitet har vore hovudfokus for rulleringa av arealdelen. Viktige tema innanfor samfunnsdelen definert i planprogrammet, er ivareteke i diskusjonar undervegs i prosessen, og har difor ikkje vore gjenstand for eigne utgreiingar i denne planrulleringa. Tema oppvekst, rehabilitering, helse og omsorg vert teke i vare gjennom rullering av kommuneplan for Stord, med vedteke planprogram sendt på høyring frå juni 2009.

Planframlegget legg opp til ei fleksibel arealforvaltning for å kunna nå måla i planen. Kvalitetane som Huglo har i dag er vidareført i planen, t.d. spreidd busetnad, store tomter, tilgong til sjø og store naturområde. Planutkastet opnar for m.a. fortetting i etablerte bustad- og fritidsbustadområde, at det innan definerte byggjeområde kan byggjast inntil 3 einingar utan krav til plan dersom konfliktnivået er lågt, sjøtilknytt næring og naust i strandsona.

Parallelt med kommuneplanprosessen er det starta fleire viktige bygdeutviklingsprosjekt med fokus på å styrka Huglasamfunnet. Det er m.a. sett ned ei gruppe med representantar frå kommunen og busette på Huglo, som særskilt skal sjå på potensiale for auke i folketalet og bustadproblematikk på øya. Huglo er teke opp som hovudprosjekt i det regionale livOGLyst programmet med mål om "buskaparlyst på Huglo".

## 1.3 Konsekvensar av planframlegget

Konsekvensutgreiinga er gjennomført på to ulike nivå. Det er for ulike deltema vurdert i kva grad planframlegget totalt sett gir positive eller negative konsekvensar på eit overordna nivå. For

konkrete endringar i arealdelen i planframlegget er dei ulike tiltaka nummerert og konsekvensutgreidd. På tiltaksnivå er deltema landbruk, kulturminne og biologisk mangfald særskilt vurdert. Det er nytta ein 3-delt skala for å angi konsekvens, positiv (+), inga (0) eller negativ (-) konsekvens av planutkastet.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført med grunnlag i tilgjengleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. Det er i tillegg utarbeidd ein strandsone rapport med kartlegging av 100-meters beltet og fastsetjing av funksjonell strandsone, som ligg som vedlegg til planen.

Planutkastet har både positive og negative konsekvensar for dei ulike deltema på overordna nivå og på tiltaksnivå. Det er hovudsakleg omsyn til landskap, strandsona og landbruk som gir ein del av tiltaka eit negativt preg. Ved fastsetjing av t.d. krav til plan, landskapstilpassing og byggeskikk, vil tiltaka i arealsamanheng verta tilpassa dei lokale tilhøva. Tiltaka vil gi ein positiv effekt for Huglasamfunnet ved å auka attraktiviteten for fastbuande og fritidsreisande.

Tabell 1. Samanstilling av konsekvensar.

Tema	Konklusjon
Landbruk	Positiv konsekvens (+)
Biologisk mangfald	Ingen konsekvens (0)
Havbruk	Positiv konsekvens (+)
Landskap	Ingen konsekvens (0)/Negativ konsekvens (-)
Strandsone	Positiv konsekvens (+) for arealforvaltninga Negativ konsekvens (-) som arealressurs
Rekreasjon og friluftsliv	Positiv konsekvens (+)
Kulturminne	Ingen konsekvens (0)
Beredskap ogulukkesrisiko	Ingen konsekvens (0)
Busetting og folketal	Positiv konsekvens (+)
Næring og sysselsetting	Positiv konsekvens (+)
Kultur og reiseliv	Positiv konsekvens (+)

#### 1.4 Tilråding


Planen legg fram 36 føremålsendringar frå gjeldande kommuneplan for Stord (2004-2015). Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing for heile planområdet innan ulike deltema. Føremålsendringane gir både positive og negative konsekvensar.

Planframlegget vil gjera det mogleg å utvikla Huglo både som ein plass å bu og som turistdestinasjon. Den fleksible arealforvaltninga som planen legg opp til, vil medverka til å gjera Huglo til eit stabilt samfunn med kvalitetar knytt til spreidd busetnad, sjøtilknytning og store natur- og kulturområde.

## 2 Innleiing

### 2.1 Lokalisering

Planområdet omfattar heile Huglo, Storsøyo og sjøareala lengst aust i Stord kommune, med midtlinja i Langenuen som avgrensing mot Stordøya, jamfør kartutsnitt.



Figur 1. Sunnhordlandsbassenget, Huglo er avmerka i kart med omriss.

## 2.2 Føremål med prosjektet

### 2.2.1 Målsetjing

Huglo skal vera eit robust, berekraftig og triveleg lokalsamfunn for fastbuande og vitjande.

### 2.2.2 Delmål

Gjennom arbeidet med kommunedelplanen skal det leggjast til rette for:

- Revidering av arealdelen, med særskilt fokus på område for bustader, fritidsbustader og næringsføremål
- Auka busetnad
- Utvikling av ny og eksisterande næringsaktivitet
- Gode oppvekstvilkår og offentleg service
- Betre infrastruktur med omsyn til transport, IKT, kommunaltekniske anlegg mm

## 2.3 Planhistorikk

Kommuneplanen for Stord kommune 2004 - 2015, er grunnlagt på visjonen:

**”Kristornbyen Stord, saman om utvikling og velferd”**

Kommunedelplan Huglo er ei oppfølging av kommuneplan for Stord kommune 2004-2015 som vart godkjent i Stord kommunestyre den 12.01.2006.

I samband med 1.gongshøyring av kommuneplanen, kom det inn om lag 20 merknader frå Huglo. Fleire av forslaga var endringar av arealbruken som ville krevja ny høyringsrunde. Etter høyringsfristen kom det også inn fleire merknader til disponering av sjøarealet i samband med konsesjonssøknadar for havbruksanlegg. Dette har gjort at rådmannen i sakspremissane for kommunestyret i saka om kommuneplanen, la fram forslag til at det vert utarbeidd særskild kommunedelplan for Huglo der desse innspela vert vurdert.


I tillegg er det ønskje om å oppretthalda og utvikla eit levedyktig lokalsamfunn.



### 3 Plangrunnlaget

#### 3.1 Planområdet

Planområdet omfattar øya Huglo, med tilhørande øy/øygrupper Storsøy, Storholmen, Rubbholmen og Tveitøyane. Øya Huglo ligg i Langenuen, aust for øya Stord og sør for Tysnes. Huglo vert kalla ein "biologisk festplass", og er karakterisert av spreidd busetnad og kultivert landskap. Temakart nedanfor syner viktig sosial infrastruktur og bustadkonsentrasjonar på Huglo.



Figur 2. Busetnaden er konsentrert kring hovudvegnettet i dei frodigaste partia. Infrastrukturen er skissert i høve til den generelle situasjonen, bruk og klassifisering, i delområda.




### 3.2 Folketalsutvikling, sysselsetjing og næringsutvikling

Det er registrert 116 innbyggjarar med adresse Huglo (SSB, 2009). Av desse er om lag 85 fastbuande på Huglo (Huglo Bygdalag pers. med). I perioden 1999-2009 har folketalet vorte redusert frå 137 til 116 personar. Gjennomsnittleg har folketalet gått ned med om lag 1,8 % pr år i denne tiårsperioden.

Om lag 25% av dei fastbuande er i skulealder (til og med vidaregåande skule) og 64% er over 40 år. Gjennomsnittsalderen av fastbuande på Huglo er høg, og det er få personar i etableringsfasen. I skuleåret 2008-09 er det 11 (10) elevar på Huglo barneskule (1.-7.trinn). Per i dag er det ikkje skulefritids-ordning (SFO) på øya. Det er ei utfordring for lokalsamfunnet at talet på born under skulealder går ned, og at barnehagen kan vart nedlagt hausten 2009.

Dei viktigaste næringsgreinene på Huglo er landbruk, sjøtilknytt næring og tenesteyting. På øya finst m.a. landhandel, postkontor, barneskule og barnehage. Av innbyggjarane har 20 arbeid på Huglo, medan 15 personar pendlar over til Stordøya for ulikt arbeid.



Figur 3. Fordeling av arbeidsplassar for fastbuande på Huglo per 2009.

Tabell 2. Oversikt av fastbuande, arbeidsplassar og skuleelevar på Huglo i perioden 1970-2009.

	1970	1990	2009
Fastbuande	164	153	85
Arbeidsplassar	47	38	24
Elevar i grunnskule	29	34	15

### 3.3 Busetnad

Busetnaden er i hovudsak konsentrert til Nordhuglo og Sørhuglo. Det er registrert 63 einebustadar/våningshus på Huglo. Av desse er 7 knytt til heiltids gardsbruk. Huglo er ein populær feriestad. Det er registrert 48 feriebusadar på Huglo (SSB), truleg er talet nærmare 75 feriebusadar. Sidan folketalet har gått ned er det fleire busadar som står tomme i dag, og/eller som vert nytta som feriebusad. Det er registrert 7 kombinasjonsbusadar; bustadhus/fritidshus.

### 3.4 Infrastruktur - kommunikasjon

Huglo er knytt til vegnettet på Stord og Tysnes med ferje til og frå Nordhuglo. Dette er eit trekantsamband mellom Jektavik, Hodnanes og Huglo. Ferja til Huglo er eit fylkesvegsamband, medan ferja mellom Jektavik (Stord) og Hodnanes (Tysnes) er eit riksvegsamband. Ferjeturen frå Nordhuglo til både Jektavik og Hodnanes tek om lag 15 minutt. Avstanden frå Jektavik til Leirvik er om lag 12 km langs E 39. Det er få ferjeavgangar, berre 12 på kvardagane. Størstedelen av ferjetrafikken går til og frå Stord, med ein ÅDT (gjennomsnittleg køyretøy per døger) på 50, medan det på strekninga Nordhuglo - Hodnanes er ein ÅDT på om lag 5.

I 2002 vart kommunedelplan for bru over Langenuen politisk vedteke. Planen skisserar fastsamband mellom Jektavik på Stord og Hodnanes på Tysnes. Planen er ikkje sett i live.

Det er meldt oppstart av kommunedelplan med konsekvensutgreiing for fastlandssamband mellom Huglo og Tynes med bru over Laukhammarsundet. Dette vil gjera samferdsla til og frå Huglo enklare med fleire ferjeavgangar over Langenuen.

### 3.5 Plannivå - lovgrunnlag

I lovverket er det sett krav til innhaldet i kommunedelplanen og sjølve prosedyren for utarbeiding og handsaming.

Plantema:

- Folketalsutvikling
- Sysselsetting og næringsutvikling
- Bustad- og fritidsbustadbygging
- Oppvekstvilkår og offentleg service
- Infrastruktur med omsyn til transport og IKT
- Kommunen sine økonomiske føresetnadar

### Lovgrunnlag

Stord kommune har ein gjeldande kommuneplan for perioden 2004-2015. Kommuneplanen er under revidering, og planprogrammet vart vedteke i Formannskapet juni 2009. Kommuneplanen er delt inn i ein kortsiktig og langsiktig del som legg føringar for samfunn- og arealforvaltninga i kommunen.

#### *Plan og bygningslova, paragraf 11-1.*

*”Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som omfattar samfunnsdel med handlingsdel og arealdel. Kommuneplanen skal ivareta både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver, og bør omfatte alle viktige mål og oppgåver i kommunen. Den skal ta utgangspunkt i den kommunale planstrategien og leggja retningslinje og pålegg frå statleg og regional mynde til grunn. Det kan utarbeidast kommunedelplan for bestemte områder, tema eller verksemdsområde”.*

Kommunedelplanen er utarbeidd med konsekvensutgreiing for lokalsamfunnet Huglo. På dette plannivået dreier det seg om overordna prioriteringar, verdival og konkret utforming av løysingar.

Forskrift om konsekvensutgreiingar definerer følgjande målpunkt for planprosessen:

#### **Konsekvensutgreiing - planprogram**

Ny forskrift om konsekvensutgreiingar vart vedteken i kongeleg resolusjon 26. juni 2009. Utarbeiding av kommunedelplanar med område for utbyggingsføremaal kjem inn under denne nye forskrifta (jf. § 2).

Dette inneber følgjande hovudaktivitetar i planprosessen:

#### **Planprogram**

Som ein lekk i varsel og kunngjering av oppstart av planlegginga skal det utarbeidast eit forslag til planprogram som etter høyring vert fastsett av planmynde.

#### **Planforslag med konsekvensutgreiing**

Det fastsette planprogrammet skal liggje til grunn for utarbeiding av planforslag. Ved utlegging av planforslaget til offentleg ettersyn, skal det gjerast greie for konsekvensane av planforslaget.

#### **Omsyn til konsekvensutgreiing og gjennomføring av plan**


Ved vedtak av planen skal det gjerast greie for i kva grad det er tatt omsyn til konsekvensutgreiinga og vilkår for å avgrense eller bøte på negative verknader.

## 4 Organisering, medverknad og planprosess

### 4.1 Organisering av planarbeidet

Planarbeidet er organisert som eit prosjekt med Stord kommune som oppdragsgjevar og oppdragsansvarleg, Akvator AS som prosjektleiar og ei plangruppe med deltakarar frå ulike etatar i Stord kommune og Huglo Bygdalag.

Det er ikkje nedsett ei fast referansegruppe. Plangruppa har henta inn ressurspersonar eller grupper når dette har vore naudsynt i løpet av planprosessen.



Figur 4. Organisasjonsplan.

Deltakarar i plangruppa:

- Tore Bjelland, Utviklingssjef, Stord kommune
- Ove Kvalnes, Einingsleiar RBO, Stord kommune
- Arvid Sandnes, Einingsleiar Hamn, Stord kommune
- Sylve Rusten, Kultur og idrett, Stord kommune
- Audun Torvund, Einingsleiar Stord Fitjar Landbruk og Miljøkontor
- Turid Verdal, Stord Fitjar Landbruk og Miljøkontor. April 2009, Akvator AS.
- Sigurd Huglen, Huglo Bygdalag
- Albert Eikeland, Huglo Bygdalag
- Karoline Eldøy, Akvator AS

### 4.2 Medverknad i planprosessen

I arbeidet med kommunedelplanen er det lagt opp til medverknad frå ulike grupper som har interesse av planarbeidet, i samsvar med krav til medverknad som følgjer av Plan- og bygningslova.

Plangruppa, eller medlemmar av denne, har hatt møte med ulike offentlege instansar, organisasjonar og interessegrupper. Huglo Bygdalag er representert med to personar i plangruppa. Barnerepresentant, barne- og ungdomsrådet, eldrerådet, skulekonsulent, kommunelege og rådet for funksjonshemma har delteke i eigne møte i planprosessen.

I samband med ferdigstilling av planprogram har det vore arrangert folkemøte på Huglo.

Dei viktigaste kanalane for generell informasjon/kommunikasjon har vore gjennom opne informasjonsmøte og internett via Stord kommune ([www.stord.kommune.no](http://www.stord.kommune.no)), og Akvator AS ([www.akvator.no](http://www.akvator.no)) sine nettsider.

Regionale og lokale media er nytta som del av informasjonsarbeidet når dette har vore føremålstenleg.

#### 4.3 Framdrift

Planprogrammet vart vedteke i Formannskapet i februar 2009. 1. gongs handsaming av planen vart gjort i september 2009.

Etter 1.gongshøyring har planen har vore på ei avgrensa høyring pga. motsegn og nye innspel til prosessen. Frist for merknadar til den avgrensa høyringa var 1. september 2010.

Det er ei målsetning at endeleg godkjenning av kommunedelplanen vart gjennomført i Kommunestyret, i løpet av 2010.

## 5 Rammer og føringar for planarbeidet

### 5.1 Nasjonale føringar

- 5.1.1 Rikspolitiske retningslinjer for barn i planlegging (T 2/08), 2008
- 5.1.2 Stortingsmelding nr 26 ” Regjeringens miljøvernpolitikk og rikets miljøtilstand”, 2006-2007
- 5.1.3 Stortingsmelding nr 16 ”Resept for et sunnere Norge”, 2002-2003

### 5.2 Regionale føringar/fylkesplanar

#### 5.2.1 Fylkesplan for Hordaland 2005-2008

Fylkesplanen 2005 - 2008 som vart vedteken av Fylkestinget i oktober 2005, gir visjon, mål og strategiar for utviklinga i fylket. Hovudtema er verdiskaping og satsingsområda er næringsutvikling, kompetanse, kultur og transport/areal/miljø.

*Hovudvisjon: ”Hordaland skal utvikla levedyktige regionar og attraktive lokalsamfunn, med eit nett av vekstkraftige sentra og Bergen som landsdelsenter. Areal- og naturressursane skal nyttast på ein berekraftig og langsiktig måte. Eit heilskapleg og samanhengande transportsystem skal byggjast ut med tilfredsstillande standard. Universell utforming skal vektleggast.”*

#### 5.2.2 Fylkesdelplan for Sunnhordland - 2005

Fylkesdelplanen for regionen vart vedteken desember 2005. Planperioden kan delast i to planfasar:

- 2006-2015: Prioritering og realisering av eksisterande planar og prosjekt.
- 2016-2025: Føringar for realisering av nye planar og prosjekt.

Planen inneheld ei framstilling av utbyggingsmønster og transporttilhøve i regionen under eitt, hovudutfordringar for vidare utvikling, framlegg til strategiar og utvalde satsingsområde.

#### 5.2.3 Fylkesdelplan for funksjonshemma - Deltaking for alle - ”Universell utforming”

Ulik funksjonsevne er eit naturleg uttrykk for menneskeleg mangfald. Universell utforming vil seia å utforme produkt og omgjevnader slik at flest mogleg kan delta utan behov for spesiell tilpassing. Universell utforming har stor politisk merksemd og har med mange samfunnsområde å gjera. Det har eit folkehelseaspekt, kan gjera kvardagen lettare for mange menneske, er eit samfunnsgode og kan vera ein konkurranseføremon for næringslivet.

#### 5.2.4 Handlingsprogram for folkehelse 2007-2008

Hordaland Fylkesutval vedtok i april 2007 Handlingsprogram for folkehelse. Planen har overordna målsetningar fremjar folkehelsa i Hordaland: *Fleire leveår med god helse i befolkninga som heilskap og redusera helseforskjellar mellom sosiale lag, etniske grupper, kvinner og menn.*

#### 5.2.5 Fylkesvegplan 2006-2015

Fylkesvegplanen vert rullert kvart fjerde år og legg rammene for investeringar, drift og vedlikehald på fylkesvegnettet i fylket. Gjeldane fylkesvegplan er for perioden 2006 - 2015.

#### 5.2.6 Fylkesdelplan- hamneplan for Hordaland

Føremålet med hamneplanen er at denne skal vera eit strategisk og handlingsretta verktøy for utvikling av ein heilskapeleg hamnestruktur i fylket. Hamneplanen er også eit viktig innspel til arbeidet med hamnestruktur i Nasjonal transportplan 2006 - 2015.

#### 5.2.7 Fylkesdelplan for strandsona i Hordaland

Fylkesdelplanen vart vedteken i Fylkestinget i mars 2001. Planen er delt i 3 delar der første del inneheld bakgrunnsinformasjon. Del to inneheld mål, retningslinjer og tiltak for areal- og ressursforvaltninga i kystsona. Tredje del inneheld vedlegg som geografiske temadata, etc.

#### 5.2.8 Rettleiar: "Råd om planlegging og forvaltning av strandsona i Hordaland", 2007

Rettleiaren er utarbeidd i samarbeid mellom Fylkeskommune og Fylkesmann. Føremålet er å gje konkrete råd og døme på korleis kommunen kan gjennomføre ein heilskapeleg og god planlegging og forvaltning av strandsona.

#### 5.2.9 Arealstrategi, 2009

Landbruksavdelinga ved Fylkesmannen i Hordaland har utarbeidd eit strategidokument som gjer greie for arealpolitikken som vil verta ført i fylket. Dokumentet gir både bakgrunnsstoff og faktiske opplysningar i tillegg til strategiformuleringar.

#### 5.2.10 Område for friluftsliv: Regionale friluftsområde i Hordaland ,2008

Det er i samarbeid mellom Fylkeskommune og Fylkesmann gjennomført ei kartlegging av areal som vert nytta og har verdi for friluftslivet i Hordaland.

#### 5.2.11 Marin verneplan, under arbeid

Den marine verneplanen skal sikre biologisk produktive og særprega område langs norskekysten, samstundes som den også fokuserer på eit utval av representative naturtypar. Det er plukka ut ei bruttoliste på 41 marine område på landsbasis som skal utgreiast nærare. Tre av desse er å finne i Hordaland. Dette er Ytre Hardangerfjord, Korsfjorden og Lindåspollane og Lurefjorden. Planen er under arbeid

### 5.3 Lokale føringar

#### 5.3.1 Kommuneplan Stord 2004-2015

Gjeldande kommuneplan for Stord vart vedteken i kommunestyret 12. januar 2006 og omfattar perioden 2004 - 2015. Kommuneplanen er no under revidering.


Planen inneheld først ein generell del om utviklingstrekk og plangrunnlag. Deretter er følgjande satsingsområde omtala spesielt:

- Byutvikling
- Estetikk, miljø og trivsel
- Næring og sysselsetting
- Oppvekst
- Arealdelen

Vedlegga til planen inneheld føresegner og retningslinjer, oversikt over gjeldande reguleringsplanar samt kommuneplankart.

Samfunnsdelen gir både langsiktige og kortsiktige strategiar, der nasjonale, og regionale føringar vert vektlagt samt at det vert gitt lokale føringar som har avgjerande betydning for utviklinga på Huglo . Dei viktigaste føringane i kommuneplan for Stord knytt til Huglo er:

- Stord kommune skal ha høg samfunnstryggleik og beredskap og vera ein trygg og god kommune å arbeida, bu og opphalda seg i.
- Estetikk, miljø og kultur skal gjera Stord kommune til eit inkluderande samfunn der mangfald, kunnskap og trivsel skaper optimisme og utvikling.
- Stord skal vera ein leiande kommune i å tilby stabile og føreseielege rammer for næringslivet, ha god infrastruktur som styrkjer kommunen som regionalt senter innan næring, FoU, offentlege teneste, helse, kultur m.m., ha gode tilbod innan teneste, utdanning og opplevingar som gjer Stord attraktiv for folk og verksemder.



Figur 5. Kommuneplan for Stord, arealdel (2004-2015).

### 5.3.2 Regulerings- og utbyggingsplanar

Innanfor planområdet er det 5 gjeldande reguleringsplanar: Skarvene, Litlestølen, Nordhuglo, Skarvene II og Myrvold hyttefelt.

#### Skarvene (1977)

Reguleringsplanen legg til rette for bustader, naust og båtfeste, fellesområde, friområde, område for kjøretrafikk og turveg. Store deler av planområdet er teke i bruk.

#### Litlestølen (1999)

Arealet innafør plangrensa er avsett til byggjeområde (bustad), trafikkområde, friområde, spesialområde og fellesområde. Ingen av tomtene er busett.

#### Nordhuglo (2000)

Reguleringsplanen har avsett areal til føremåla byggeområde, landbruksområde, trafikkområde, friområde, fareområde og spesialområde. Byggeområda er delt inn i bustad, naust, industri, blanda føremål - naust og sjøtilknytt næring, samt forretning og servicebygg. Store deler av planområdet er nytta.

#### Skarvene II (2004)

Arealet innafor plangrensa er avsett til byggeområde (einebustad og fritidsbustad og naust), offentlig trafikkområde, spesialområde, fellesområde og friområde. Deler av planområdet er nytta.

#### Myrvold hyttefelt (2007)

Arealet innanfor plangrensa er avsett til byggeområde, fareområde, spesialområde og fellesområde. Det er avsett 12 tomter for fritidsføremål. Per juni 2009 er ingen av tomtene busett, grunna krav om at ingen bygging eller anleggsarbeid kan gjennomførast før etter at Morkavatn med nedslagsfelt er fasa ut som drikkevasskjelde.

Innanfor planområdet ligg Storsøy Naturreservat (1977/1999), Bleikjo Naturreservat (1987) og Brandvik Landskapsvernområde (2000).

#### 5.3.3 Kommunedelplan kulturminne og kulturmiljø (ikkje vedteke)

Stord kommune har eit stort ansvar for kulturminneforvaltninga i kommunen som bygningar, anlegg, kulturhistoriske miljø og kulturlandskap.

Kommunen er med i eit prosjekt som Riksantikvaren har sett i gang, med føremål å laga ein kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Som ein første del av eit slikt prosjekt er det laga framlegg til bygningsverneplan for Stord. Kulturminne og kulturmiljø på Huglo er i planframlegget godt dokumentert, og legg grunnlag for vidare handsaming av temaet. Planframlegget er sendt på 1.gongs offentlig ettersyn mai 2009.

#### 5.3.4 Kommunedelplan for avløp og vassmiljø

Føremålet med planen, som gjeld for perioden 2004 - 2015, er å sikre at transport og reinsing av forureina avløpsvatn skjer på ein slik måte at forureiningane ikkje fører til helseskade, går ut over trivsel eller skadar naturen si evne til produksjon og fornying.

#### 5.3.5 Kommunedelplan for vassforsyning

Kommunedelplan for vassforsyning vart sist handsama i kommunestyret i april 2006 og gjeld for perioden 2006 - 2017. Planen vert rullert kvar fjerde år. Det overordna målet for vassforsyninga er at alle i kommunen skal til ei kvar tid ha tilgong på nok drikkevatt av god kvalitet. Planen beskriv utfordringar i åra som kjem og inneheld også eit handlingsprogram for perioden 2006 - 2017.

#### 5.3.6 Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv

Kommunedelplanen er eit styringsdokument for anleggsutbygging innanfor idretts- og friluftssektoren i kommunen. Dokumentet gjeld for perioden 2000-2010.

#### 5.3.7 Styringsdokument for oppvekst, 2007-2015

Styringsdokumentet omtalar politiske og administrative oppgåver for områda barnehage, skule, kulturskulen og samarbeid med andre aktuelle einingar og institusjonar.

#### 5.3.8 ROS analyse for Stord og Fitjar kommunar

Risiko- og sårbarheitsanalysen for Stord og Fitjar kommunar tek for seg risiko og sårbarheit i lokalsamfunnet, med forslag til førebyggjande og konsekvensreducerande tiltak innanfor mange område. Revidert analyse vart vedteke april 2009.

I tillegg til kriseleiiing og informasjon, har ROS-analysen spesielt fokusert på:

- Straum og tele
- Ulukker på land og sjø
- Brann og eksplosjonar
- Uvêr - land og sjø

### 5.3.9 Klima og energiplan

Revidert klima- og energiplan for Stord kommune vart vedteke november 2008. Planen har fokus på å redusera klimagassutsleppa og skapa eit energieffektivt lokalsamfunn.

Planen stimulerar til ei robust og stabil energiforsyning, energieffektivisering, bruk av alternativ fornybar energikjelder, bruk av naturgass og biogass, samt reduksjon om klimagassutslepp lokalt og regionalt.

### 5.3.10 Kulturplan

Kulturplanen (1996 - 2008) vart første gong vedteken i kommunestyret i oktober 1995. Seinare er planen revidert i november 2004. Planen er utarbeidd som ein strategisk plan der satsinga er basert på tre hovudområde: identitetsskaping, nærmiljø og regionsenter.

### 5.3.11 Reiselivsplan

Reiselivsplanen for 2004 - 2008 vart godkjent av komitè for næring og utvikling i november 2004. Hovudmålet med reiselivssatsinga er å gjera kommunen til ein attraktiv stad å feriera og å leggja store arrangement til kommunen. Vidare er hovudmålet å auka sysselsettinga i reiselivsnæringa og stimulera til høg kvalitet på tilboda som blir gjevne.

### 5.3.12 Rehabilitering, helse og omsorgsplan 2009-2020

Det er forventa ei gradvis auke i trong for tenester i åra framover innan helse, rehabilitering og pleie og omsorg. Særleg vil det i åra etter 2020 verta stor trong innan eldreomsorgen. Planen sett fokus på ulike område som det må satsast på i åra framover for å kunna møta dei framtidige utfordringane.





## 6 Planomtale

### 6.1 Innleiing

Framlegg til kommunedelplan for Huglo er i stor grad bygt på medverknad frå busette og grunneigarar. Dette er i tråd med kommunen sitt mål om å leggja til rette for ei bygdeutvikling slik dei som "eig og driv" bygda ønskjer, innanfor rammene av ei berekraftig og planretta utvikling. Revidering av arealdelen er sett i hovudfokus, for slik å leggja til rette for arealføremål som fremjar utviklinga av hovudmål og delmål for planen. Viktige tema innanfor samfunnsdelen definert i planprogrammet er ivareteke i diskusjonar undervegs i prosessen, og har difor ikkje vore gjenstand for egne utgreiingar i denne planrulleringa. Tema oppvekst, rehabilitering, helse og omsorg vert teke i vare gjennom rullering av kommuneplan for Stord, med vedteke planprogram juni 2009.

Eit av verktøya for å nå måla og delmåla i planen er å skapa ei fleksibel arealforvaltning innan rimelege grenser. Det er med anna opna for fortetting i etablerte bustad- og fritidsbustadområde, og innan definerte byggjeområde kan det byggjast med inntil 3 einingar utan krav til plan dersom konfliktnivået er lågt, jf. føresegn til arealdelen. Ut frå denne regelen kan i utgangspunktet om lag 65 tiltak (bustad/naust) verta godkjent utan plan. Av desse ligg fleire i område med krav om reguleringsplan jf. plankart, eller vil vera av eit omfang eller konfliktnivå som krev detaljplanlegging. I desse tilfella vil detaljplanlegginga ytterlegare avklara omfang, plassering, infrastruktur m.m..

Mange innspel ligg naturleg nok i strandsona på ei øy som Huglo. Avklaringar knytt til arealstatus for strandsona og kartlegging av funksjonell strandsona for dei mest aktuelle områda har såleis vore naudsynt, og har vore ein viktig del av planarbeidet.

Parallelt med kommuneplanprosessen er det starta fleire viktige bygdeutviklingsprosjekt. Det er sett ned ei gruppe med representantar frå kommunen og busette på Huglo, som særskilt skal sjå på potensiale for auke i folketalet og bustadproblematikk på øya. Stord kommune v/kommunestyret har vedteke å gå i forhandlingar med grunneigarar for å kjøp/tilrettelegging av areal til bustadbygging. Samstundes deltek Huglo i programmet "livOGlyst" i regi av og med finansiering frå Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Innovasjon Norge Hordaland og Sparebanken Vest. LivOGlyst er eit program for lokal utvikling i Hordaland som skal fremja lokal utvikling, attraksjons- og livskraft på ein systematisk og langsiktig måte. Stord kommune, SNU AS, befolkninga på Huglo, Huglo Bygdelag og Fredheimsenteret har i samarbeid vorte med som Hovudprosjekt i livOGlyst programmet: "Bu- Skaparlyst på Huglo". Målet for dette prosjektet er mellom anna å auka innbyggjartalet, sikra og utvikla arbeidsplassar, fremja trivselstiltak ved å skapa nye møteplassar, oppretthalda kjerneinstitusjonar som barnehage, skule og butikk og å marknadsføra Huglo på ein god måte. Prosjektet sine hovudmål er i samsvar med kommunedelplanen. Prosjektet har finansiering ut 2011, og eigen prosjektleiar for arbeidet er tilsett.

Nedanfor er viktige plantema knytt til Huglo definert og kommentert.

### 6.2 Plandokument

Det er kome inn over 40 innspel frå private i løpet av planprosessen. Desse er handsama både individuelt på grunneigarnivå og i samanheng med andre tilgrensande innspel. Planen har eit stort omfang av tiltak og føremål. Avbøtande tiltak er ikkje teke med som eige plantema, men er teke med undervegs der det er høveleg i plandokumentet. I samband med detaljplanlegging vil slike tilhøve verta gjenstand for grundigare vurdering.

Temakart er utarbeidd i ArcGIS 9.3.1, og ligg som egne vedlegg til planen. Som vedlegg til planen ligg også egne rapportar for strandsonkartlegging, ROS-analyse og kulturminne/kulturmiljø. I tillegg er alle innspela oppsummert og vurdert i egne vedlegg.

## 6.3 Næring og sysselsetjing


### 6.3.1 Landbruk

Huglo står for ein stor del av jordbruksproduksjonen i Stord kommune, mellom 40 og 50 prosent av all mjølk og kjøtt blir produsert her. Om lag 5-6 gardsbruk vert driven på heiltid og fleire har gardsbruk som næringsgrunnlag i tillegg til anna arbeid.

Huglo har særskilte verdiar knytt til landbruk og kulturlandskap. For å ta vare på desse kvalitetane er det viktig å oppretthalde/auke folketalet på øya. Ein avgjerande faktor er m.a. å gje gardbrukarane klare og langsiktige rammer for arealbruken.

Under utarbeiding av arealkartet er kjerneområde for landbruk avgrensa og definert i samarbeid med lokale og regionale landbruksmynde. Kjerneområde for landbruk vert avgrensa med bakgrunn i areal som er godt egna for produksjon av mat og viktige kulturlandskap, samt storleik og samanheng. Det er teke utgangspunkt i både dagens og potensiell bruk av areal, samt særskilte eller sjeldne kulturlandskap. Skogbruksressursane er ikkje ein del av denne kartlegginga.

Kjerneområda er fagleg grunnlag for vurdering av omsyn i høve vern og bruk i jordbruksområda. I kommunedelplanen vert kjerneområda synt som omsynssone med tilhøyrande føresegner.



Figur 6. Definerte kjerneområde for landbruk på Huglo.

Det vert sett høgare krav til landbruket gjennom effektivisering, og auka volumproduksjon. Det kan for små gardsbruk vera vanskeleg å følgja denne trenden. For desse bruka er det viktig å tenka alternativt. Frå sentralt hald er det større satsing på tilleggsnæringar og Landbruksdepartementet har gitt ut strategien Landbruk Pluss, som stimulerar til ny næringsaktivitet og busetnad knytt til landbruket. Planframlegget legg til rette for fleire typar tilleggsnæringar, som til dømes prosjekt basert på turisme og grøn omsorg, som ein del av gardsføretaket. I tillegg til tilleggsnæringar er etablering av moderne klyngeturn eit alternativ som kan styrka busetjinga, sosiale rammer og næringsgrunnlaget for landbrukseigedomar.

### 6.3.2 Havbruk

Stord kommune har satsa på akvakultur som næringsgrunnlag i kommunen og har som mål å vera føregongskommune innan havbruksteknologi. Det er avsett fleire område i gjeldande kommuneplan sin arealdel med arealkategori einbruksområde akvakultur (AK) og kombinerte føremål akvakultur, fiske og ferdsel (AFF). Kring Huglo er det i eksisterande kommuneplan for Stord to akvakultur område og fire område synt som akvakultur-, fiske og ferdselsområde.

Kring Huglo er det per mai 2009 tildelt 10 konsesjonar, av desse er to midlertidige konsesjonar. Det er fleire av desse som er inaktive. Av dei 10 er 9 knytt til havbeite (blåskjel, kamskjel og østers), og ein til matfisk (torsk). Fiskeridirektoratet har signalisert at dei skal ha ein gjennomgang av konsesjonane, og vil vurdere å trekka tilbake enkelte konsesjonar. Konsesjonane er knytt til produksjonsform og bruk av sjøareala. Endring av arealføremål i kommunedelplanen vil ikkje påverka eksisterande konsesjonar slik dei ligg i dag.

Sjøområda kring Huglo er vurdert som område med generelt gode miljøtilhøve og utan store brukarkonfliktar (Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2002). Områda på vest- og austsida er klassifisert som A-område (område med god resipientkapasitet, gode miljøtilhøve og djupnetilhøve, samt ikkje særlege brukarkonfliktar i området). Seinare år har synt brukarkonfliktar, jf. søknadar om konsesjon og innspel til kommuneplan for Stord og denne planen. Samstundes ligg Huglo i utløpet til Hardangerfjorden, som er eit sensitivt marint miljø. Det er sett fokus på utfordringar knytt til sjukdom, rømming og lakselus, og nye lokalitetar og konsesjonar knytt til Hardangerfjorden må ha ei grundig vurdering. Fiskeridirektoratet har signalisert at dei vil vera restriktive til å gi nye konsesjonar i desse områda.

Eksisterande og moglege nye område er vurdert og tilpassa dagens drift i planframlegget. Det er lagt til rette for ny akvakulturlokalitet på austsida av øya (Tveitøyane).

Akvakulturlokalitetane på austsida og vestsida av Huglahammaren, samt ved Lyraberget er teke ut grunna manglande drift og etter signal frå Fiskeridirektoratet.

Akvakultur/Fiske/Ferdsel-området (AFF) i nord ved Kvarvaneset er utvida for å inkludera lokalitet i drift, medan AFF-område ved Haukanes er redusert slik at areal mot land no vert NF-område. For å redusera negative miljøpåverknadar frå sjøbasert anlegg sett føresegnene krav om at nye lokalitetar skal liggja minimum 50 meter frå land.


### 6.3.3 Andre næringar

På øya er det i tillegg til landbruk og havbruk: møbelfabrikk (for tida utan produksjon), golfkølleproduksjon (4Most Golf), landhandel og anna tenesteyting (skule, barnehage og post).

Det er ønskjeleg å leggja til rette for fleire næringsområde på Huglo. Viktige satsingsområde er reiseliv, og kultur. Det er kome innspel med ønskje om areal til oppbygging av kompetanse/kurssenter, sjøtilknytt næring som til dømes rorbu-utleige, slipp/kai og båtutleige. Som referert i innleiinga er Huglo med som hovudprosjekt i "livOgløst"-programmet. I prosjektskildringa er det sett fokus på fleire viktige delområde, mellom anna å sikra og utvikla arbeidsplassar. Oppretting av Fredheim senter er eit konkret tiltak som på sikt kan gi gode arbeidsplassar. Visjonen er å driva eit senter for auke av energi og livsglede, basert på kjente terapimetodar. Gründerane arbeider tett med næringsutviklingsselskapet SNU.

#### Endringar for næring og sysselsetjing

- Det er lagt omsynssoner knytt til 4 definerte kjerneområde for landbruk
- Det er lagt omsynssone for landbruk i eitt område
- Det er lagt til rette for stadbunden næringsområde til fritids og turistføremål (utleige) i strandsona i 1 område (Fredheimsenteret), samt 3 område til LNF-spreidd næring for utleige hytter i strandsona



Figur 7. Eksisterande akvakulturlokalitetar med type konsesjon i sjøområda kring Huglo.

- Det er avsett område til næringsaktivitetar knytt til leirskule/kurscenter
- Det er avsett næringsområde på land tilknytt drift av akvakulturanlegg
- Eksisterande område for Akvakultur-Fiske-Ferdsetl (AFF) er utvida ved Kvarvaneset for å inkludera anlegg i drift
- Det er avsett lokalitet for akvakultur med føreseigner knytt til bruk (havbeite) ved Tveitøyane

#### **Framtidig utgreiingar/tiltak:**

- LivOGLyst prosjektet som medverkar til entreprenørskap og skapar arbeidsplassar

#### **6.4 Busetnad - bustad og hytter**

Det er i dag vanskeleg å oppretthalda folketalet på Huglo. I perioden 1999-2009 har folketalet vorte redusert frå 137 til om lag 116 personar. Dette er med på å svekkja grunnlaget for eigen butikk, barnehage, skule, SFO og lagsliv. Færre fastbuande vil på sikt også kunna svekkja grunnlaget for buss- og ferjetilbodet.

Det er ønskjeleg å leggja til rette for fleire bustad- og hytteområde på Huglo. Det må gjerast gjennom fortetting av eksisterande bustadområde, og samstundes avsetjing av nye område til føremålet. Kommunedelplanen har fokus på tiltak og strategiar for å bidra til å auka busetnaden på øya.

I samarbeid med kommunen er det mellom anna oppretta ei eiga gruppe som særskilt arbeidar for å auka innbyggjartalet på Huglo. Det er viktig å trekkja unge familiar til øya for å oppretthalda offentlege tenester som skule, SFO og barnehage. Konkret skal det mellom anna sjåast på tiltak som kan freista utflytta ungdomar til å flytta tilbake til lokalsamfunnet. I dag er over halvparten av dei fastbuande over 50 år. Grappa ser også på moglegheiter for å integrera familiar utanfor Noregs grensar på Huglo. Dette er prosjekt som har vore ein suksess i andre kommunar.

Det er i fleire område avsett areal til LNF-spreidt for bustad, fritid eller næring. Dette er ei medviten handling som vil gi fleksibilitet innanfor dei ulike områda. Større bustadfelt av tradisjonell karakter er ikkje attraktivt på Huglo. Det bør søkjast å leggja til rette for område med gode kvalitetar som store tomter, sol- og utsiktstilhøve og tilkomst til sjø. I slike område kan bustad og fritidsbustad kombinerast. Gjennom å skapa slike attraktive busetnadsmiljø kan lokalsamfunnet betre trekkja til seg fleire innbyggjarar.

Sjølv om føremonene med å samla fleire bustadeiningar er store med omsyn til arealbruk, infrastruktur og økonomi, bør det likevel i eit lokalsamfunn som Huglo kunna leggjast til rette for spreitt bustadbygging innanfor definerte område. Dette kan mellom anna skje som frådeling av bustadtomter til det enkelte gardsbruket, eller som fortetting av eksisterande spreidde bustadområde. Nye bustadområde skal i hovudsak leggjast utanom den beste landbruksjorda, for slik å sikra landbruksnæringa for framtida.

På Huglo er det mange småbruk, og problemstillingar knytt til buplikt og konsesjon er aktuelle. Kommunar kan nytta konsesjonslova som verkemiddel for å oppretthalda busetnaden gjennom å innføra nullkonsesjon i heile eller delar av kommunen. Det vil innebera at alle må søkja om konsesjon, og at kommunen kan setja krav om buplikt. Eit slikt tiltak må utgreiast for å få oversyn over konsekvensane dette vil gi, og det vert såleis ikkje gjennomført tiltak knytt til konsesjonsplikt i denne kommunedelplanen.

#### **Endringar for busetnad- bustad og hytter**

- Tiltak i arealdelen vil fremja samfunnsutviklinga på Huglo
- Det er sett krav om plan for større utbyggingar av nye fritids- og bustadar
- Det er lagt til rette for fortetting av eksisterande fritidsbustadområde
- LNF-ja område i gjeldande kommuneplan er vidareført som LNF-spreidt enten bustad eller fritid
- Det er avsett to nye område for bustad
- Det er avsett åtte nye område LNF-spreidt
- Det er avsett seks nye område for fritidsbustad og utviding av to
- Eksisterande reguleringsplanar skal framleis gjelda, markert som omsynssone i plankart
- Det er lagt omsynssone med krav om reguleringsplan

**Framtidige utgreiingar/tiltak:**

- Det er etablert ei gruppe som særskilt arbeidar for å auka innbyggjartalet på Huglo, "Flytt til Huglo". Arbeidet i gruppa må integrerast og følgjast opp
- Kommunalt oppkjøp og klargjering av tomteareal for vidare utbygging i Skarvene byggefelt
- Etablere kommunale utleigebustadar
- LivOGLyst prosjektet medverkar til marknadsføring av Huglo som ein plass å busetja seg, samt som turistmål
- Prosjekt for å innføra nullkonesjon ved kjøp og sal av eigedommar på Huglo (forskrift)

## 6.5 Infrastruktur

For å tryggja lokalsamfunnet er ein i dag avhengig av kommunikasjon - transport av folk og informasjon (IKT).

### 6.5.1 Kommunikasjon/vegssystem

Huglo er i dag avhengig av ferjesamband for å nå Stord og Tysnes. Hyppige og tenlege ferjeavgangar, i kombinasjon med gode kollektivruter, er eit av dei viktigaste momenta for vidare utvikling og oppretthalding av lokalsamfunnet på Huglo. Buss- og ferjeavgangar som er tilpassa skuleruter, arbeid og fritid gjennom døgeret er viktig for å sikra kontakten med resten av kommunen. Det er særskilt viktig å leggja tilhøva til rette for arbeidspending.

På sikt kan samferdselstiltak som fastsamband og bru over Langenuen gjera Huglo meir attraktivt både som bustadområde og som hytteområde. Ved nye tiltak på Huglo er det viktig at desse ikkje kjem i konflikt med behovet for opprusting av eksisterande vegar på øya, samt arbeid med fastlandssamband til Tysnes. Det er lagt til rette for fleire ulike føremål i delar av området der framtidig trase for fastsambandet vil gå. For å sikra framføring av vegtraseen er det knytt føresegner og omsynssone med særskilte føringar for infrastruktur til desse områda.

Tilbodet for gåande og syklande på Huglo er tryggleiksmessig ikkje godt. Det er med anna mangel på gang- og sykkelveg, og få veglys og busskur. Samstundes er vegane smale med mykje kurvatur, og ferdsl er slik på bilen sine premiss. Det er likevel med dagens trafikkbelastning relativt trygt å ferdast. Ferjetrafikken strekninga Nordhuglo-Jektavik har ein gjennomsnittleg ÅDT på om lag 50 og Nordhuglo-Hodnanes 5 ÅDT. Dagens folketal, aldersfordeling og avstandar, gir ein klar avgrensa trafikksituasjon.

Planframlegget legg opp til ei auka utbygging som vil skapa ei auka trafikkbelastning. Trass i maksimal utbygging vil den totale trafikkbelastninga framleis verta relativt låg på Huglo. På sikt vil ytterlegare utbygging krevja eigne prosessar for å sikra kvalitet og standard på hovudvegane på øya. I denne omgong legg kommunedelplanen føringar for å gjennomføra ein trafikksikringsplan.

Skulen ligg langs hovudvegen og er sentralt plassert på øya. For elevar som har lang skuleveg (1.klasse 2 km., 2-10.klasse 4 km.) er det tilbod om fri skuleskyss. Planframlegget legg til rette for bustadbygging innanfor to/fire kilometer frå skulen, som inneber at borna i desse områda ikkje får gratis skuleskyss. Sikring av skuleveg er eit av tema som må utgreiast nærare i ein trafikksikringsplan.

Offentlege kaiar på Huglo er vidareført lik dagens situasjon. Det er kome ønskje frå innbyggjarane at den kommunale kaien på Sør-Huglo skal oppretthaldast.

### 6.5.2 IKT - breiband

Tilgang til fiberoptisk breiband er ein svært viktig, og ofte avgjerande faktor for val av bustadområde og arbeidsplass. Mange kan arbeide frå heimen, eller frå kontorlokale på staden, om slik infrastruktur er på plass.

Det må arbeidast vidare med å sikra heile Huglo eit IKT-tilbod som har ein kvalitet som stettar dagens behov.

Sunnhordland Kraftlag (SKL) har som intensjon å kunna tilby alle i Stord kommune breiband. I dag har om lag 60% av områda i Stord kommune med infrastruktur for breiband frå SKL, knyta seg til ordninga. Det er lagt infrastruktur for breiband for store deler av Nordhuglo i dag. Oppkoplinga har stoppa opp grunna forsinkingar i gravearbeid på Stordsida av Langenuen. SKL har som mål å kunna tilby heile Huglo breiband i løpet av 2010.

### 6.5.3 Energi

Stord kommune har nyleg vedteke ny klima- og energiplan for kommunen. Føresegner og arealforvaltninga for kommunedelplan for Huglo tek omsyn til målsetjingar slik dei er definert i energiplanen.

### 6.5.4 Kommunaltekniske anlegg

Det må sjåast nærare på dei kommunaltekniske anlegga på Huglo. Huglo har nyleg fått vassleidning frå Stordøya, men dette er ikkje ført fram til heile Huglo. Det bør leggjast til rette for å vidareføra offentleg vatn fram til alle bygdene på øya.

Ved tilrettelegging av større bustad- og hytteområde må det gjerast vurderingar kring tilgjenge og opparbeiding av kommunaltekniske anlegg. Det er ingen kommunale avløpssystem på Huglo i dag.

I gjeldande kommuneplan er Morkavatnet og Stemmevatnet avsett som nedslagsfelt for drikkevatt med tilhøyrande restriksjonar. Etter at Huglo vart kopla til Stord kommunale vassverk har vatna ikkje status som drikkevatt, jf. gamle Tekniske tenester. Bandlegginga har ingen funksjon lenger og vert oppheva i denne kommunedelplanen.

### 6.5.5 Småbåthamn

Gode og tilgjengelege småbåthamner for fastbuande, hyttefolk og tilreisande til Huglo er eit viktig plantema. Kommunedelplanen vidarefører reguleringsplan for Nord-Huglo med avsett areal til båthamn. Samstundes legg planen opp til utvikling av småbåthamn på Sør-Huglo og i samband med bustadområdet ved Sortland Møbelfabrikk, Lerivika.

#### **Endringar for infrastruktur**

- Det er lagt omsynssoner knytt til infrastruktur
- Trase for fastsamband Huglo-Tysnes er avsett som vegkorridor, trasé vala er under utredning og ikkje vedteke
- Bandlagte område for nedslagsfelt drikkevatt er fjerna
- Det vert avsett område til småbåthamn ved Sørhuglo og Leirvika

#### **Framtidige utgreiingar/tiltak:**

- Utarbeida trafikksikringsplan for det offentlege vegnettet
- Bygge ut den offentlege vassforsyninga til alle småbygdene
- Vidare utbygging av IKT
- Vidare prosjektering for å utvikla småbåthamn

## 6.6 Strandsona

På Huglo er strandsona ein viktig ressurs for busetnad, næring og friluftsliv. Sjølve Huglo har ei strandlinje på 29 kilometer og ei strandsona (100-metersbelte) som dekker om lag 2400 dekar. Utfordringar knytt til planlegging og forvaltning av strandsona ligg i å balansere mellom bruk og vern av areala. Som bakgrunn for vurdering av bruk og vern av strandsona på Huglo er det gjennomført ein analyse av strandsona. Analysen er gjennomført i to fasar. Første fase er ei overordna kartlegging av arealstatus av 100-metersbeltet for heile Huglo. Andre fase er ei kartlegging av funksjonell strandsona i seks delområde, der avgrensinga er basert på innspel til kommunedelplanen og potensielle pressområde.

Kartlegging av strandsona er samla i eigen rapport som ligg som vedlegg til kommunedelplanen.

Gjennom kartlegging av den funksjonelle strandsona har ein gjort ei kvalitetsvurdering av strandarealet på Huglo. Det er nytta åtte delkriterium for vurdering i dei ulike områda. Spesielt er topografi/landskap, topografi/brattleik, landbruksmiljø og gjeldande planføremål vektlagt i analysen.

Statuskartlegginga for strandsona syner at over halvparten av strandsona på Huglo er inngrepsfri og har tilgjengeleg topografi (62%).

Område som er inngrepsfrie/urørte uavhengig av topografi, utgjer 75% av arealet på Huglo. Ved å sjå på dei ulike inngrepa kvar for seg utgjer 15 % av strandsona bygg, 11 % innmark og 9 % veginngrep. Om lag 13 % av strandsona er rekna som utilgjengeleg på grunn av bratt terreng (>30 graders helling).

Tabell nedanfor syner fordeling av inngrep og urørt strandsoneareal i dagens situasjon og med føreslege arealendringar.



Figur 8. Avgrensing av funksjonell strandsone i seks delområde på Huglo.

Tabell 3. Fordeling av inngrep og urørt strandsoneareal.

	Inngrepsfri/urørt strandsone	Inngrep i strandsona	Inngrepsfri + tilgjengeleg topografi
Status i dag	75 %	25 %	62 %
Inkl. endringar	69 %	31 %	56 %

#### Endringar for strandsona

- Basert på kartlegging av strandsona og avgrensing av funksjonell strandsone er det utarbeidd viktige prinsipp for bruk og vern av strandsona på Huglo
- Den funksjonelle strandsona er kartlagt i seks delområde
- Ny byggegrense til sjø er sett for byggeområde der det ikkje er krav til reguleringsplan
- Det er sett krav til at naust og tilhøyrande anlegg og aktivitetar ikkje skal hindra fri ferdsel i strandsona
- I etablerte byggeområde for naust, er foretting med naust tillate når storleik og utforming er i samsvar med byggeskikken for naust i området. Dette gjeld også der eksisterande naust er større enn 40 kvm. (Retningsline)

#### 6.7 Biologisk mangfald


Huglo ligg i klimasona O2, klart oseanisk seksjon og vegetasjonssone boreonemoral (BN). Karakteristisk for desse sonene er mild gjennomsnittstemperatur og høg humiditet som gir lang vekstsesong. Vegetasjonsbiletet på Huglo vert også spegla gjennom berggrunnsforholda. I skrinne

område med impediment og lite vegetasjon dominerar den sure kvartskeratofyren, og i område med rik og frodig flora finn ein i hovudsak kalkspatmarmor som gir eit næringsrikt jordsmonn og gode veksttilhøve. Den varierte geologien samt eit gunstig lokalklima, gjer at ein kan finna stadar med mange raudlistearter konsentrert på mindre område ("hot-spots"). Ein finn m.a. barlind, kristtorn, eføy og dei fleste varmekjære lauvtreea.

Det er tre område som er verna etter naturvernlova; Bleikjo naturreservat for sjøfugl (1987), Storsøy naturreservat (1999) og Brandvik landskapsvernområde (2000). Alle desse områda har stor verdi på nasjonalt nivå. Mellom anna har Brandvik landskapsvernområde den største kjende samanhengande barlindbestanden i Noreg, og området er mellom dei prioriterte i verneplan for barlind og kristtorn i Vest-Noreg.

I Stord har ein gjennomført kartlegging av viltet og viktige viltområde (Steinsvåg og Overvoll 2002), samt kartlegging av naturtypar (Moe 2008). Desse rapportane gjev kartfesta informasjon om dei viktigaste områda for mangfaldet i Stord. På Huglo er det registrert 8 verdifulle viltområde, 14 verdifulle naturtypar og 2 viktige naturområde av nasjonal, regional eller lokalverdi (figur 8). Områda overlappar delvis og er av ulik storleik og klassifisering. Naturtypane spenn frå skogsområdar med furu eller edellauvskog, sumpområdar, strandberg og områder og leirstrender til strandberg og kulturlandskap.

Dei fleste registrerte natur- og viltområda er ikkje verna etter lov på Huglo, men Noreg har forplikta seg til å sikre det biologiske mangfaldet og har sett seg som mål å stansa tap av biologisk mangfald innan 2010. Registreringa er såleis eit godt verktøy i den lokale arealforvaltninga for å verna om det biologisk mangfaldet.



Figur 9. Registrerte vilt, naturtyper, naturområde og korallrev av lokal, regional og nasjonal verdi.

Havforskningsinstituttet har registrert fleire korallrev i Hardangerfjorden, der eitt er lokalisert ved Nakken på Sørhuglo (Tambs-Lyche, 1958). Dette er eit middels stort rev av moderat bra stand.

Det er grunn til å tru at det finst fleire uregistrerte korallrev i Hardangerfjorden og kring Huglo. Over tid vil m.a. ankring, linefiske og avfall kunna skada korallreva, og ein bør syna varsemnd ved kjente lokalitetar. Lokaliteten ved Nakken er ikkje verna av lov.

Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med kommunane har starta opp med å kartlegga marint biologisk mangfald i fylket.




## 6.8 Kulturminne/kulturmiljø/kulturlandskap

På Huglo har det vore busetnad i lang tid. Fleire gravhaugar vitnar om eit samfunn med stor rikdom og vørnad. Det er også rikhaldige spor etter nytting av naturressursen kalk i området. Huglo var i fleire hundre år storleverandør av kalk og marmor til både inn- og utland. I dag ser ein spor etter denne verksemda gjennom gamle gruver og kalkomnar.

Det vert påkravd i føresegna i kommunedelplanen at som det i samband med gravarbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Dei 9 kulturmiljøa på Huglo er:

1. Haukanes
2. Stora Brandvik
3. Litla Brandvik
4. Tveit
5. Kulturminnelokalitet
6. Sørhuglo
7. Røssbø
8. Torvhusa
9. Nordhuglo



Figur 10. Registrerte kulturminne og definerte kulturmiljø på Huglo.

## 6.9 Rekreasjon og friluftsliv - grønne verdier

Omgrepet folkehelse har inga overordna definisjon i Noreg, men det tydar dei levekår som bidreg til å fremja eller hemma god helse i befolkninga. Element som er avgjerande er: bustadtilhøve, økonomisk tryggleik, skule- og arbeidstilhøve, hjelp etter behov, sosial eigarskap til staden, ytre miljø og levevanar.

Omgrepet tilseier at dette dreier seg om summen av dei faktorar som påverkar vår helsetilstand, og at det såleis vedkjem alle samfunnet sine sektorar. Målsetjinga må vera å :

- Utvikla eit samfunn som legg til rette for positive helseval og sunn livsstil


- Fremja tryggheit og medverknad for den enkelte og gode oppvekstvilkår for born og unge
- Førebyggja sjukdom og skader
- Leggja prinsippa om universell utforming til grunn for utviklinga

Det er få innbyggjarar på Huglo, men samfunnet har gode ressursar knytt til naturlandskap, tilgong til sjø og fiskeplassar, stinett, badevikar, turisme, organisasjonsliv og dugnadsand. Det er viktig å marknadsføra Huglo som eit godt oppvekstområde og byggja på identiteten til Huglo og eigarskap til staden. For innbyggjarane på Huglo handlar det mellom anna om tryggheit for vidare utvikling og oppretthalding av eksisterande lokalsamfunn. Dette har mellom anna "livOglyst" programmet fokus på.

Når det gjeld helsetenester, pleie og omsorg i heimen, bør det utgreiast alternative ordningar. Ikkje alle tenester krev sjukepleiar/lækjar, mykje omsorgsarbeid kan utførast av andre vaksne i lokalsamfunnet. Dette vil auka tryggheiken og samstundes skapa arbeidsplassar. Det er mykje god folkehelse i å la eldre og pleietrengande få vera i eige miljø så lenge som mogleg. For å utvikla denne satsinga må det fokuserast på universell utforming og generasjons-bustadar. Dette deltema treng ytterlegare handsaming, og vil takast opp att i samband med pågåande rullering av kommuneplan for Stord.

Friluftsliv er ein viktig kvalitet på Huglo. Turstiar må vedlikehaldas, og kan til dømes nyttast av skular frå heile kommunen. Dette krev innsats og ressursar frå kommunen. I denne samanhengen er det også viktig å leggja til rette for gode båthamner, både for fastbuande og vitjande.

Ein av berebjelkane i friluftssamheng er ålmenta si rett til fri ferdsel. Ein viktig grunn for å skilja mellom naust og rorbuer, er at naust ikkje har den same ferdselshindrande verknaden som fritidsbustader har. Sjølv om eit område i kommuneplanen er vist som naustområde, er ålmenta, gjennom friluftsløva, framleis i stor grad sikra fri ferdsel og bruk av strandsona.



Figur 11. Temakart Friluftsliv/rekreasjon.

#### Endringar for rekreasjon og friluftsliv - grønne verdiar

- Planframlegget fremjar eit stabilt samfunn for alle generasjonar
- Sett krav til at prinsippa for universell utforming ved utbygging og gjennomføring av tiltak skal liggja til grunn

#### Framtidige utgreiingar/tiltak:

- Revidering av kommuneplan for Stord må ytterlegare handsama temaet helse og rehabilitering
- LivOglyst prosjektet medverkar til å auka trivsel og identiteten til innbyggjarane på Huglo

## 6.10 Oppvekst

Aktører i det kommunale systemet er i hovudsak: barnehage, grunnskule, kulturskule, kulturtenester, sosial og førebyggjande tenester. Stord kommune har vedteke eige styringsdokument for oppvekst, gjeldande for perioden 2007-2015. Dette dokumentet legg føringar for skule, SFO, kulturskule og barnehagepolitikken i kommunen. Kommunen har også eigen skulebruksplan som definerer konkrete tilhøve og utfordringar i dei ulike skulekrinsane.

Det er eige vedtak på at det skal drivast skule for 1. til 7. klasse på Huglo. Dette er eit viktig signal frå kommunen. Skulen på Huglo ligg under Nordbygdo oppvekstområde. Oppvekstområdet vil i 2010 få realisert eigen ungdomsskule. Rektor på denne ungdomsskule vil også få ei koordinatrorolle for barn og unge i området. Skulen på Huglo hadde i skuleåret 2008/09 11 (10) elevar. Det er kome melding til kommunen om trong for 4-5 SFO-plassar skuleåret 2009/2010.

Grunna mangel på born er barnehagen er ikkje i drift hausten 2009. Dette er svært uheldig, og kan vera avgjerande for om småbarnsfamiliar vel å busetja seg på Huglo eller ikkje, samt halda på dei som bur der i dag. Det er ikkje tilstrekkeleg med eit slikt tilbod på Stord.

Stord er ein framstående internasjonal kommune. Kommunen husar både utanlands arbeidskraft og flyktningar. Dette får innverknad på oppvekstmiljøet og tilfører born og unge verdier i samspel med andre nasjonar og kulturar. Styringsdokumentet for oppvekst har definert eigne delmål for dette området. Det bør utgreiast nærare mogleiken for at familiar frå andre nasjonar kan busetja seg på Huglo, og slik bidra til å auka busetnaden og styrkja lokalsamfunnet.

### Endringar for oppvekst

- Peika på viktige problemstillinga som vert teke vidare i rullering av kommuneplan for Stord og planar for dei ulike tema
- For nye bustadområde skal det opparbeidast leikeplassar og fellesareal

### Framtidige utgreiingar/tiltak:

- Arbeida for å oppretthalda moglegheita for barnehage på Huglo
- Vidareutvikla ideen med å samla barnehage, barneskule og SFO til eitt oppvekstsenter
- Greie ut om det er mogleg at familiar frå andre nasjonar kan busetja seg på Huglo

## 6.11 Arealdelen

Arealdelen til kommunedelplanen skal vera den viktigaste styringsreiskapen for å avklara og sikra arealbruken og forvaltning av naturressursane på Huglo i samsvar med mål i gjeldande kommuneplan og statlege og regionale føringar. Det er utarbeidd strategiar for overordna arealbruk for heile Huglo og det er gjort prioriteringar basert på ulike arealbruksføremål. Ny arealbruk er konsekvensutgreidd i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar, samla i eige kap 7.

I samband med offentleg ettersyn av planprogrammet, samt folkemøte på Huglo januar 2009, er det kome inn mange private innspel for endra arealbruk på Huglo. Revidering av arealdelen har såleis vore eit hovudfokus i dette planarbeidet.

Det er fleire plantema som har vore vektlagt i planarbeidet. Viktige prinsipp som bruk og vern av strandsona, fleksibilitet i høve utvikling av nye bustad- og fritidsbustadområde, samt tilrettelegging for næringsaktivitet har vore hovudfokus for rulleringa av arealdelen. Dei ulike plantema er skildra nærare i planomtalen.

Ein del av innspela er i samsvar med gjeldande kommuneplan, og vert oppretthaldne. Arealavgrensinga i nokre av innspela er endra der dei er i konflikt med funksjonell strandsona, verneområde eller jordbruksareal. Til dømes er innspel om fritidsbustadar i Brandvik avgrensa til vernegrensa til Brandvik landskapsvernområde. Nokre innspel er ikkje teke til følgje der det er klare konflikhtar med m.a. jordbruksinteresser, kulturminne/-miljø, biologisk mangfald og friluftsliv. Det er ønskjeleg å vidareføra 5 eksisterande reguleringsplanar. Innspel som ligg innanfor eksisterande reguleringsplanar er ikkje synt i plankartet.

Det er ønskjeleg å leggja til rette for ei større mengd fritidsbusetnad på Huglo, mellom anna som eit grunnlag for auka aktivitet. Det er i oppstartsfasen av planarbeidet kome mange innspel om

ønskje om tomter til fritidsføremål, både som enkelt-tomter i tilknytning til gardsbruk (til egne born etc), som egne hyttefelt og som rorbuer (også utleigenæring). Fleire av områda med innspel om fritidsbustad er i planframlegget avsett til LNF-spreidt, fritid. Dette for å betra fleksibiliteten i høve kva funksjon området får, og slik tilpassa arealplanen til tradisjonell utnytting og bruk av areala på Huglo. Fleire av desse områda har krav til reguleringsplan før oppstart. Plankrav vert uansett utløyst ved søknad om meir enn tre einingar innanfor definerte byggeområde. Reguleringsplanar må såleis fremja løysingar med omsyn til infrastruktur som tilkomst, vatn og avlaup samt fordeling mellom og plassering av bustader og fritidsbustader.

Innanfor område med særskilt press på areala er funksjonell strandsone definert. Temakart syner funksjonell strandsone. Innanfor desse områda skal det takast særskilt omsyn til strandsoneverdiar. I enkelte byggeområde innanfor 100-metersbeltet er det sett ny byggegrensing i samsvar med PBL §§ 1-8 3. ledd og 11-9 nr. 5. I nye reguleringsplanar vil ei byggegrensing normalt inngå. Gjeldande reguleringsplanar som ikkje har ei definert byggegrensing vil bli omfatta av byggjeforbodet innanfor 100-metersbeltet, og det er naudsynt å fastsetja ny byggegrensing om tiltak skal tillatast. Dette gjeld også for område som er angitt for spreitt busetnad etter § 11-11 nr.1 og 2. Byggegrensing er ikkje naudsynt for område avsett til naust.

Det er avsett eit nytt område til fritid og turisme (utleige) på Huglo, med bakgrunn i ønskje om å leggja til rette for attåttnæringar for grunneigarar, og tre område som LNF-spreid næring (utleige). Område til rorbu som fritidsføremål er ikkje avsett i planframlegget. Med bakgrunn i ønskje om betre tilgjenge til sjø for fastbuande og fritidsbebuarar er det avsett sju område for naust, samt to område for småbåthamn.

I prosessen har ein omkoda arealføremål frå PBL 1985 til PBL 2009, då ein planen vert basert på nytt lovverk. Dette har medført ein fullstendig revisjon av alle arealføremål. I område som vert vidareført frå eksisterande plan har ein søkt å finne tilsvarande arealføremål etter PBL2009. Desse områda er ikkje konsekvensutgreidd, då dette er mindre justeringar. For delområde med reguleringsplan har det vore naudsynt å justera plangrensene til å vera i samsvar med kystlinja og eigedomstilhøve, der grensene ikkje samsvarar.

## 7 Konsekvensutgreiing

### 7.1 Gjennomføring av konsekvensutgreiinga

I medhald av ny forskrift for konsekvensutgreiingar, vert det stilt krav om at verknadane av planforslaget skal skildrast og vurderast.

Ikkje alt planen omhandlar skal vera gjenstand for konsekvensutgreiing. Det som er relevant for å konsekvensutgreia er dei delane av planframlegget som fastset rammer for framtidig utvikling, og som inneber endringar i arealdelen i høve til gjeldande kommuneplan av 2004. I høve nasjonale, regionale og lokale målsetningar og retningsline vert dei innfatta i planen underveg der det er høveleg i konsekvensutgreiinga. I samband med detaljplanlegging vil slike tilhøve verta gjenstand for ny og grundigare vurdering.

Konsekvensutgreiinga er gjennomført på to ulike nivå. Det er for dei ulike tema vurdert i kva grad planframlegget totalt sett gir positive eller negative konsekvensar på eit overordna nivå. For konkrete endringar i arealdelen i planframlegget er dei ulike tiltaka nummerert og konsekvensutgreidd i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiingar. På tiltaksnivå er deltema landbruk og biologisk mangfald særskilt vurdert.

Dei ulike tema skal så langt råd er utgreiast med grunnlag i tilgjengeleg informasjon frå offentlege databasar og rapportar, lag og organisasjonar, samt eigne synfaringar. Særskilte undersøkingar parallelt med planarbeidet er skildra i eige vedlegg. I framlegg til kommunedelplan er strandsona handsama særskilt. Det er kartlagt arealstatus med fokus på tilgjenge for heile 100-meters beltet kring øya. For dei områda med størst konsentrasjon av tiltak og aktivitet er det søkt definera funksjonell strandsona.

Det er nytta ein 3-delt skala for å angi konsekvens, positiv (+), inga (0) eller negativ (-) konsekvens av planutkastet. Konsekvensar er såleis ikkje differensiert ytterlegare slik Handbok 140 om konsekvensutgreiingar frå Statens Vegvesen rår til. Handbok 140 kan ikkje nyttast direkte for å vurdere planframlegg av ein slik art som ligg føre, men viktige prinsipp frå denne metoden er likevel implementert der dette er tenleg.

## 7.2 Naturressursar og naturmiljø

Ein har sett Huglo under eitt for tema landbruk, biologisk mangfald og havbruk. Kvart enkelt innspel er ytterlegare konsekvensvurdert i kap. 7.8.

### 7.2.1 Landbruk

Huglo står for om lag 40-50 % av jordbruksproduksjonen i Stord kommune. Jordbruket er karakterisert av eit rikt jordsmonn, kalkrik jord og store lett drivne areal, jf. Landbruksplan 2005-2015. Huglo har ein rik flora og er eit landskap prega av busetnad langt attende i tid. Det har vore tradisjon for utmarksbeite, men i den siste tida har ikkje denne ressursen vore nytta i særleg grad.

Det er få sjølvstendige gardar att, og om ein skal oppretthalda landbruksproduksjonen er det viktig at ein oppretthald produksjonsareala og fagmiljø. Dersom fleire legg ned drifta er attverande gardar sårbare for endringar i t.d. arealforvaltning og kostnader. Bu- og driveplikt gjennom konsesjonslova er eit verktøy som kommunen må nytta aktivt, for å kunna oppretthalda drift av areala og auka folketalet.

Skogressursane er hovudsakleg å finna på Sørhuglo (sør for Tveitvatnet), samt at det er ein del spreidde plantefelt rundt omkring m.a. aust for Huglavikjo. Ståande kubikkmasse var i 1996 rekna ut til å vera om kring 18.000 m<sup>3</sup>. På Nordhuglo finst det ei eiga kai som vert nytta til lasting av m.a. tømmer. Skogbruket er sett på som ei binæring og skogressursane vert hovudsakleg nytta til eiga bruk.

Denne planen vil ha følgjande positive og negative konsekvensar på landbruket:

- |   |
|---|
| + Kartlagt kjerneområde for landbruk som vert sikra gjennom bruk av omsynssone                                      |
| + Opprettheld store delar av LNF-områda i gjeldande kommuneplan   |
| + Få innspel er lagt i område med dyrkbar jord og i kjerneområde for landbruk                                       |
| + Opprettheld område med større skogressursar   |
| + Vegtilkomst i urørt område lettar tilkomst for skogbruksaktivitetar, skjøtsel av kulturlandskap og bruk av utmark |
| - Fragmentering av LNF-område   |
| - Det er avsett mindre jordbruksareal til byggeområde   |
| - Potensiell konflikt landbruksnæring og fritidsinteresser  |
| - Opnar for utbygging i og ikring kjerneområde for landbruk   |

**Konklusjon: Positiv konsekvens (+)**

### 7.2.2 Biologisk mangfald (BM)

Viktige viltområde og naturtypar på Huglo er kartlagt og kartfesta med informasjon om lokaliteten. Det er registrert 8 verdifulle viltområde, 14 verdifulle naturtypar og 2 viktige naturområde av ulik verdi (nasjonal, regional eller lokal). Desse områda omfattar både større område og mindre lokalitetar. Det er tre område som er verna etter naturvernlova.

Ein kan ofte finne interessekonfliktar i høve bruk og vern i områdar med verdifull biologisk mangfald, då desse ofte har gunstig lokal klima, godt jordsmonn og er frodige område. Jamfør regionale og nasjonale føringar vert biologisk mangfald prioritert i desse områda.

Denne planen vil ha følgjande positive og negative konsekvensar på biologisk mangfald:

- |   |
|---|
| + Område som er registrert som svært viktig BM er verna ved bruk av omsynssone  |
| + Vidarefører vern av område set som LNF-område "Landskaps-, turveg grønstruktur der bygg- og anleggstiltak ikkje bør tillast" i eksisterande kommuneplan som NF1-6 |
| + Ingen oppsplitting av registrert BM. Nokre få innspel med mindre overlapp med BM registreringar   |

- + Funksjonell strandsone vernar om BM kvalitetar i strandsona
- Område definert som verdifull BM vert redusert i arealomfang
- Fragmentering av større urørte areal med potensiale for funn av viktig BM
- Indirekte press på attverande areal med viktig BM eller potensiale for funn av viktig BM
- BM er ikkje kartlagt på detaljnivå og det er berre nytta eksisterande registrert informasjon

**Konklusjon: Ingen konsekvens (0)**

### 7.2.3 Havbruk

Det er aukande press på sjøareala kring Stord. Næringsliv, hamneområde samt busetnad og næring i strandsona gjer at det er stort trykk på sjøareala. Kring Huglo er det per mai 2009 tildelt 10 konsesjonar, av desse er to midlertidige konsesjonar og ni knytt til havbeite (blåskjel, kamskjel og østers). Endring av arealføremål i kommunedelplanen vil ikkje påverka eksisterande konsesjonar slik dei ligg i dag. Ved eventuell søknad om nye tiltak, endring av lokalitet, endring av type anlegg/oppdrettsform vil føringane i ny kommunedelplan slå inn.

Denne planen vil ha følgjande positive og negative konsekvensar på havbruk:

- + Føresegner set krav til oppdrettsform
- + Avsett nytt AK område knytt til eksisterande konsesjon med kamskjel
- + Utvidar eitt AFF område slik at eksisterande konsesjon vert i tråd med arealføremål
- + Fjernar akvakulturføremålet i område med interessekonfliktar og vanskelege miljøtilhøve
- + Føresegnene set krav til buffer på 50 meter frå land
- Færre sjøareal til akvakulturføremål
- Føresegnene set krav til buffer på 50 meter frå land

**Konklusjon: Positiv konsekvens (+)**



Bilde: Oppdrettsanlegg ved Huglavika, kamskjel.



Bilde: Oppdrettsanlegg ved Haukanes, blåskjel.

#### 7.2.4 Landskap

Direktoratet for naturforvaltning har kartlagt *Inngrepsfrie område i Noreg (INON)*. INON er definert til å vera alle område som ligg meir enn ein kilometer (i luftline) frå tyngre tekniske inngrep. Det er tre område på Huglo som kjem inn under denne definisjonen; del av Storsøy, del av Tveitøyane og eit større område i nord på Huglo. Områda er små i INON samanheng, men har verdi lokalt som urørt natur. Ved full utbygging vil omfanget av INON avgrensinga for alle områda verta redusert.

Huglo har eit særprega landskap med eit mangfald av vegetasjon, landemerke, landskapsrom og kulturlandskap. Huglo som øy har god tilgong til sjø, og mange av dei busette områda er knytt til frodige og skjerma viker. Landskapet er sårbart for utbygging, og større landskapsrom vil verta oppsplitta. Landskapskarakteren vert endra for delar av øya grunna framlegg i kommunedelplanen, og tiltak- og bygningsmangfaldet vil auka i løpet av planperioden. Då Huglo har eit tradisjonelt bygningsmiljø vert det sentralt å leggja føringar for å vidareføra tradisjon for bygg og anlegg.

Huglo er karakterisert av heilskaplege landbruksområde, spreidd bustad- og fritidsbustadbygging og tilgjenge til sjø. Desse elementa er ein av styrkane til Huglo, og kvalitetane vert ført vidare i kommunedelplanen. Særtrekk i landskapet og viktige naturelement sett frå nært og langt hald, skal i størst mogleg grad vernast om.

Denne planen vil ha følgjande positive og negative konsekvensar på landskapet:

- |   |
|---|
| <ul style="list-style-type: none"><li>+ Det vert sett krav detaljplanlegging for større utbyggingsområde</li><li>+ Det vert sett krav til landskapstilpassing og byggestil/ -skikk</li><li>+ Den funksjonelle strandsona sikrar tydelege landskapsrom og -element</li><li>+ Lagt til rette for spreidd bustadbygging</li><li>+ Få tiltak i område med særprega landskapselement</li><br/><li>- INON-definerte område vert sterkt redusert ved full utbygging</li><li>- Planen legg til rette for innhogg i urørt natur</li><li>- Utbyggingstiltak vil endra landskapskarakteren for delar av Huglo</li><li>- Lagt til rette for utbygging i område med særprega landskapselement</li><li>- Lagt til rette for spreidd bustadbygging</li></ul> |
|---|

**Konklusjon: Negativ konsekvens (-) / Inga (0)**

#### 7.3 Strandsone

Arealstatus i strandsona er kartlagt i høve tilgjenge (brattleik/topografi) og omfang av inngrep (bygg, veg, markslag og kulturminne). Totalt er over halvparten av strandsona på Huglo tilgjengeleg/ingrepsfri (62 %). Område definert som ingrepsfri omfattar kring 75% av arealet.

Den funksjonelle strandsona er avgrensa i seks delområde. Det er nytta åtte delkriterium for vurdering av dei ulike områda. Topografi, brattleik, landbruksmiljø og eksisterande planar er spesielt lagt vekt på ved fastsetting av sona. Fastsetting av funksjonell strandsona har som føremål å ta vare på og vidareutvikla kvalitetar knytt til biologisk mangfald, landskap, kulturminne, bygningsmiljø og ålment ferdsel, samt opna for utnytting/bruk.

Denne planen vil ha følgjande positive og negative konsekvensar for strandsona:

- |  |
|--|
| <ul style="list-style-type: none"><li>+ Kartlagt status av 100-metersbeltet kring heile Huglo</li><li>+ Fastsett funksjonell strandsona i seks delområde</li><li>+ Over halvparten av strandsona på Huglo er tilgjengeleg og ingrepsfri</li><li>+ Legg opp til differensiert strandsoneforvaltning</li><li>+ Få innspel knytt til strandsona</li></ul> |
|--|



- + Føresegnene set krav om storleik og byggeskikk for naust
- + Legg til rette for naustområde og spreidd naustbygging der dette er tradisjon
- Byggeområde ligg i strandsona
- Areal klassifisert som inngrepsfri og tilgjengeleg/inngrepsfri vert redusert
- Opnar for utnytting av strandsona innanfor 100-metersbeltet
- Legg til rette for spreidd naustbygging
- Opnar for bygging av 3 naust utan krav om plan i byggeområde innanfor funksjonell strandsone

**Konklusjon: Positiv konsekvens (+) i forvaltningssamband  
Negativ (-) i arealressurs samanheng**

#### 7.4 Rekreasjon og friluftsliv

Bustadtilhøve, økonomisk tryggleik, skule- og arbeidstilhøve, hjelp etter trong, sosial eigarskap til staden, ytre miljø og levevanar er moment som medverkar til å fremja eller hemma god helse i befolkninga. Av kvalitetane på Huglo kan ein særskilt nemna tilgjenge til sjø, spreidd busetnad og omfang av natur- og kulturverdiar. Planframlegget legg særskilt opp til å fremja desse verdiane, som ein strategi for å sikra tilflytting til Huglo.

Denne planen vil ha følgjande positive og negative konsekvensar for rekreasjon og friluftsliv:

- + Sikrar område med verdiar for friluftsliv og natur både på land og i sjø (NF)
- + Legg til rette for småbåthamn
- + Sikrar badeplassen Vikasanden (NF)
- + Område avsett til Fiske Ferdsel Natur (FFNF) er auka
- + Legg til rette for tilleggsnæringar for gardsbruk som er knytt til "grøn omsorg", samt turisme
- + Legg til rette for spreidd busetnad og tilgjenge til sjø
- Liten fokus på helseteneste, barnehage og SFO
- Få nye, sikra friluftsliv- og naturområde
- Ingen nye friområde sikra

**Konklusjon: Positiv konsekvens (+)**

#### 7.5 Kulturminne og kulturmiljø

Konsekvensutgreiinga i samband med kommunedelplan for Huglo er gjort på eit overordna plannivå og nyttar tilgjengeleg informasjonskjelder som Askeladden, SEFRAK-data og lokal kunnskap. Nyttig informasjon er henta frå "Kyststamvegen Stord - Halhjem, konsekvensutgreiing, deltema kulturminne/kulturmiljø av Bergen Museum, 1997" og "Plan for bygningsvern, del av kulturminnedelplan for kulturminne og kulturmiljø, Stord kommune (høringsutkast) 2003".

Huglo vert i konsekvensutgreiinga delt i 9 kulturmiljø (sjå kart fig. 10). Storleiken på miljøa er ikkje absolutte, men må heller sjåast som eit områdelokalisering som vert nærmare utgreidd. I dei einskilte miljøa vil det vera detaljkunnskap som ikkje kjem fram på eit slikt overordna plannivå. Det er difor viktig at alle nye tiltak får gjort ei registrering så tidleg som mogeleg for å vurdere sjansen for funn av automatisk freda kulturminne. Det vert påkravd i føresegna i kommunedelplanen at dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jf. Kulturminnelova § 8, 2.ledd.

Ingen av dei konkrete føremålsendingane i planframlegget kjem i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.

Hovudrapporten ligg som vedlegg.

## 7.6 Beredskap og ulukkesrisiko

Målsetjinga med denne analysen er å laga ein overordna oversikt som avdekkjer risiko og sårbarheit i høve arealendringane i ny kommunedelplan og konsekvensane av desse.

Samfunnssikkerheit i arealplanlegginga er heimla i plan- og bygningslova (§ 4-3), og skal fanga opp sårbare område og område med høg risiko for ulike senario. Dette for å vidare kunne gjera førebyggjande og skadereduserande tiltak.

Stord kommune har nettopp revidert sin overordna ROS-analyse. Analysen har vurdert potensielle uønska hendingar og konsekvensar av desse i høve samfunnstryggleik og beredskap. Det er ingen verksemder, område eller tema knytt særskilt til Huglo i analysen.

Planutkastet er vurdert i relasjon til følgjande tema:

- Brann og eksplosjon
- Trafikkulukker
- Uver/klimaendringar
- Ras og grunntilhøve
- Utslepp til vatn og luft
- Tilgong på straum og vatn

Følgjande hendingar knytt til utbygginga vert sett på som mogeleg:

- A. Personskade
- B. Skade på bygningar, anlegg og infrastruktur
- C. Skade på ytre miljø (vatn og luft)

Planframlegget legg til rette for å auka utbyggingsaktiviteten, folketal og fritidstilreisande. Framlegget vil få verknad på folketettleiken og særleg knytt til helg/ferietid. Satsinga på fritidsbygging må forventast å m.a. gje auka trafikk på land og sjø.

Det vert teke utgangspunkt i at dagens nivå i høve omsyn til konsekvensar er akseptable (i motsatt fall burde det allereie no vore gjort noko med risikonivået).

Analysen har avdekkja at ein del hendingar har større sannsyn for å henda etter tiltaka i planframlegget er gjennomført. For å bøta for dette har analysen har føreslått tiltak som vil vera skadeførebyggjande for dei aktuelle hendingane. Dersom dei føreslåtte tiltaka vert utført vil konsekvensane og sannsynet for hendingane vera innan for eit akseptabelt nivå.

Hovudrapporten ligg som vedlegg.

## 7.7 Lokal og regional utvikling

### 7.7.1 Busetnad og folketal

Huglo er eit lite lokalsamfunn med få fast busette. Bustadtomtene er hovudsakleg store og ofte knytt til gardsbruk. To nye område er regulert med areal til bustadar. Jord- og skogbruksområde dominerar i reguleringsplan for Nordhuglo, men det er også avsett område for bustad. I Skarvene er bustadfeltet opparbeid og nesten fullt busett, medan Litlehaugen bustadfelt framleis står utbygd. Folk på Huglo sett pris på kvalitetar som store tomter med einebustadar, sjøtilkomst, og gode sol- og utsikttilhøve. Desse verdiane vert vidareført i planframlegget. Store tomter og spreidd utbygging er lite arealsparande, økonomisk ugunstig og meir komplisert i høve infrastruktur. Likevel er dette verdiar som vert sett høgt på Huglo og som er det er tradisjon for. Planframlegget fremjar både fortetting og utlegging av nye byggeområde.

Det er avsett fleire område til LNF-spreidd, som aukar fleksibiliteten og sjansen for utbygging. Forskjell i standard på bustadhus og hytte har vorte mindre med åra og det er ein tendens til at folk reiser oftare til og vert verande på hytta i lengre tidsperiodar. På sikt kan ein tenka seg at det vert søkt og godkjent bruksendring frå fritid til bustad. I byggesøknad må kommunen vurdera å sette krav til dimensjonering av m.a. vatn og avlaup, slik at det støttar krava til bustadhus. Ved å

kombinera fast busetnad og fritid får ein bygdesamfunn som vil vera attraktive og levande heile året.

Det er i dag vanskeleg å oppretthalda folketalet på Huglo og gjennomsnittsalderen er høg. Gjennom å fremja tiltak som bustadhus og fritidsbusetnad, sjøtilkomst og satsing på prosjekt som gir arbeidsplassar vert det lagt til rette for tilflytting til Huglo. Auke i folketal vil ha ringverknadar for alle verksemdene på Huglo, t.d. buss- og ferjetilbod, butikk, skule og barnehage.

Denne planen vil ha følgjande positive og negative konsekvensar for busetnad og folketal:

- |   |
|---|
| + Opna for nye område for bustad og fritidsbusetnad   |
| + Opna for LNF-spreidt for å auka fleksibiliteten   |
| + Legg til rette for spreidd busetnad og fortetting   |
| + Byggeområde får tilgong til sjø (naust og småbåthamn)   |
| + Legg til rette for å auka folketalet gjennom nye bustadområde og næringsverksemdar                    |
| - Fleire av dei nye områda har utfordringar knytt til infrastruktur som ikkje vert løyst i denne planen |
| - Sett krav til infrastruktur som kan sinka utbygginga  |
| - Legg til rette for spreidd busetnad   |

**Konklusjon: Positiv konsekvens (+)**

#### 7.7.2 Næring og sysselsetjing

Huglo er eit samfunn med lokale eldsjeler som utviklar og satsar på nye idear. I livOGLyst prosjektet er det skissert planar som vil gi arbeidsplassar og utvikla Hugla samfunnet som "ein stad å reisa til", i tillegg til eit attraktivt bumiljø. Prosjekta satsar hovudsakleg på lokal arbeidskraft og ressursar. Planframlegget rår til fleire område knytt til næring og sysselsetjing knytt til industri, sjøtilknytt næring og gardsnæring.

**Konklusjon: Positiv konsekvens (+)**

#### 7.7.3 Kultur og reiseliv

Busetnad på Huglo har ei lang historie som har gitt øya store kulturelle verdiar. Landskapet og bygningar synar ein variasjon av tradisjonar som strekk seg over ein lang tidsperiode. Mange stadar har historie knytt til den storstilte gruvedrifta og på Sør-Huglo ved Tveit er det etablert ein kultursti der ein undervegs kan sjå kvernhus, kalkomn og gamle kisgruver m.m. På Nord-Huglo kan ein finna den største private samlinga av gamle omnar i Noreg på Omnsmuseumet.

Det er i dag få overnattingsmoglegheiter på Huglo. Næraste hotell og campingplass er i Leirvik på Stord. Huglo har mykje å by på for turistar/tilreisande som ønskjer seg ein ferie med grønne verdiar, som t.d. fiske, natur og friluftsliv. Turismen på Huglo kan klassifiserast under Geoturisme fanen. National Geographic Society definerer Geoturisme som "Turisme som tek vare på, forsterkar og fremjar ein stad sin lokale eigenart - miljø, kultur, estetikk, kulturarv - og som kjem lokalsamfunnet til gode". Planframlegget har avsett seks områder til sjøtilknytt næring, rorbuer for utleige. Dette vil vera eit positivt trekk i høve turismesatsinga.

Det er ingen tilrettelagte gjestekaier på Huglo per dag. Bruk av båt til rekreasjons- og ferieaktivitetar i Sunnhordland er stor, samt at det er stort potensiale for båtturisme i Sunnhordlandsregionen. Trong for gjestekai og båt plassar for fastbuande og fritidsgjestar er stor på Huglo. Planframlegget har avsett to nye område for småbåthamn (Sør-Huglo og Leirvika), i tillegg til det er avsett småbåthamn i reguleringsplan for Nord-Huglo.

**Konklusjon: Positiv konsekvens (+)**

## 7.8 Konsekvensar på tiltaksnivå

For verknadstema naturmiljø, kulturmiljø og kulturminne, naturresursar og strandsone er det gjennomført vurderingar for dei områda i arealdelen som er tilrådd endra arealbruk.

### 7.8.1 Haukanes - naustområde

Planen legg til rette for bygging av tre naust i området. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Tiltaket er knytt til innspel om nytt fritidsområde på Haukanes.

Tiltaket ligg tett opp til eksisterande naustmiljø med tradisjonell utforming. I området er det eit gardsbruk som er i drift og spreidd fritidsbusetnad og naust. Det er eit rikt og frodig område med kalkrik berggrunn. Området har god kontakt til sjø og ligg i eit heilskapleg landskapsrom. Tiltaket ligg innanfor funksjonell strandsone avgrensing, som er definert med grunnlag i landskap og topografi.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Sør for området er det eit større område som er registrert som viktig (B) naturområde, svært viktig (A) yngleområde for spettefugl og viktig (B) område med rik edellauskog (NF1 i plankart).

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Området ligg utanfor kjerneområde for landbruk med kvalitetar knytt til kulturlandskap. Vegtilførselen går gjennom jordbruksområde med hovudsakleg grasproduksjon.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for området sin heilskap, som er definert som eit flott kulturmiljø. Det er positivt å leggja til rette for nye naust knytt til eksisterande naust. Det er viktig å setja krav til byggeskikk og plassering for at tiltaket skal harmonera med omkringliggjande miljø. Planen legg fram tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for tilgjenge til sjø for "hyttefolk" og fastbuande på Huglo.



Bilde: Naustmiljø på Haukanes.

### 7.8.2 Haukanes - fritidsområde

Planframlegget legg til rette for bygging av fritidsbustadar på eit areal i underkant av 3 dekar. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Tiltaket er knytt til innspel om naust.

Tiltaket grensar til eksisterande fritidsbustadar. Framlagt fritidsareal er skogkledd og utan inngrep. I området er det eit gardsbruk som er i drift og spreidd fritidsbusetnad og naust. Det er eit rikt og frodig område på grunn av kalkrikt jordsmonn. Tiltaket ligg utanfor definert funksjonell strandsone, men delvis innanfor 100-metersbeltet mot sjø.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Sør, søraust for området er det eit større område som er registrert som viktig (B) naturområde, svært viktig (A) yngleområde for spettefugl og viktig (B) område med rik edellauskog (NF1 i plankart).

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Området ligg utanfor kjerneområde for landbruk med kvalitetar knytt til kulturlandskap. Vegtilførselen går delvis gjennom jordbruksområde.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for området sin heilskap som skjøtta kulturlandskap, men ved krav om byggeskikk og plassering vil tiltaket kunne terrengtilpassast slik at det vert ein del av landskapsrommet. Planen legg fram tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for fritidsbusetnad som gir grunnlag for eksisterande næringsverksemdar og kan vera potensielle tilflyttarar på sikt.

#### 7.8.3 Haukanes - LNF-spreidt, næring

Planframlegget legg til rette for LNF-spreidt næring i strandsona (inntil tre einingar for utleige). Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Området er flytta i retning sør i høve til 1.gongshøyring.

I området er det eit gardsbruk som er i drift og spreidd fritidsbusetnad og naust. Det er eit rikt og frodig område på grunn av kalkrikt jordsmonn. Avsett areal er ikkje tilrettelagt og tiltaket vil krevja vegtilkomst. Det går ein attgrodd skogsveg ned mot sjø i nærleiken av tiltaket som kan nyttast som vegtilkomst, jf. søkjar. Tiltaket ligg innanfor funksjonell strandsona avgrensing som er definert med bakgrunn i landskapsrom og biologisk mangfald.

Konsekvensar for naturmiljø: Negativ (-)

Området ligg i eit større område som er registrert som viktig (B) naturområde, svært viktig (A) yngleområde for spettefugl og viktig (B) område med rik edellauvskog (NF1 i plankart). Innspelet ligg utanfor landskapsvernområdet Brandvik.

Konsekvensar for landbruk: Negativ (-)

Området ligg innanfor kjerneområde for landbruk med kvalitetar knytt til kulturlandskap. Innanfor desse områda skal jordbruket sine interesser verta spesielt teke omsyn til. Området mot sjø har tidlegare vore eit skjøtta kulturlandskap, men som no har grodd att. For å halda kulturlandskapet i hevd er oppgradering av veg eit viktig element.

Konklusjon: Tiltaket har negative konsekvensar med omsyn til nytt byggeland i kulturlandskapet og biologisk mangfald. Samstundes kan tiltaket med ny tilkomstveg fremja skjøtsel av kulturlandskapet, som også vil vera positivt for det biologiske mangfaldet. Plan legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for attåttnæring for grunneigarar på Huglo.



Bilde: Oversiktsbilde over Haukanes.

#### 7.8.4 Stora Brandvik - LNF-spreidt

Planen legg til rette for eit større LNF-spreidt område. Det er sett krav til reguleringsplan, jf. føresegner. Tiltakshavar ønskjer å leggja til rette for småbruk/spreidd bustadtomter. Området er redusert i omfang i høve til 1.gongshandsaming. Område er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Landskapet er utan større fysiske inngrep og store deler av området består av grunnlendt mark, skrapskog og skrinne vegetasjon. Kraftlinje ut til Haukanes går langs grensa til innspelet og framlagt areal grenser til fylkesveg i sør. Tiltaket vil krevja vegutløyning frå fylkesvegen. Landskapet er heilskapleg og sårbart for utbygging, og utbygginga vil endra tilhøva på staden.

Tiltaket ligg i tilknytning til to andre utbyggingsområde i Stora Brandvik, og saman vil utbyggingane endra tilhøva og landskapskarakteren på staden.

Konsekvensar for naturmiljø: Negativ (-)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i dette området. Området er i seg sjølv ikkje spesielt rikt, og er eit område utan tekniske inngrep.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Området vert ikkje nytta som ein ressurs i landbruket. Området kan ha vore nytta som utmarksbeite, men har ikkje vore det den siste tida. Området grunnlendt med skrapskog, og er ingen skogbruksressurs.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for naturmiljøet som nytt byggeland i urørt landskap. Konseptet er omfattande og arealkrevjande, og er eit prosjekt der kvalitetar som store tomter og fleksibilitet er vektlagt. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for nye spreidde bustadtomtar for å auka befolknings- og næringsgrunnlaget. Området skal detaljregulerast.

#### 7.8.5 Stora Brandvik - Fritidsområde

Planen legg til rette for eit område for fritidsføremål. Område er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Landskapet er inngrepsfritt og store deler av området består av grunnlendt mark, bar- og blandingsskog. Framlagt areal grenser til fylkesveg i sør, og vil krevja vegutløysning. På sørsida av fylkesvegen er det avsett eit område for spreidd busetnad i gjeldande kommuneplan, der det er fleire bustadar og fritidsbustadar. Landskapet er heilskapleg og er ein del av området knytt til bustadområdet i aust.

Tiltaket ligg i tilknytning til to andre utbyggingsområde i Stora Brandvik, og saman vil utbyggingane endra tilhøva og landskapskarakteren på staden.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i dette området. Tiltaket grensar til Brandvik landskapsvernområde i nordaust. Området er i seg sjølv ikkje spesielt rikt, og er eit område utan tekniske inngrep.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Området vert ikkje nytta som ein ressurs i landbruket.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for landskapet, og ligg tett opp til Brandvika landskapsvernområde. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for fritidsbusetnad som gir grunnlag for eksisterande næringsverksemdar og kan vera potensielle tilflyttarar på sikt.

#### 7.8.6 Stora Brandvik - LNF-spreidt, næring

Planen legg til rette for LNF-spreidt næring i strandsona (inntil 3 einingar for utleige). Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Stora Brandvik er ei mindre vik der jordbruk dominerar. Jordbrukslandskapet er omkrinsa av skog og bustad/fritidsbusetnad i nord. Området er knytt til sjø og innspelet ligg delvis innanfor definert funksjonell strandsona, definert med bakgrunn i topografi og biologisk mangfald. Avsett areal grensar til eksisterande naustmiljø.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Sør for arealet er det registrert eit større område klassifisert som viktig (B) yngleområde for spettefugl og svært viktig (A) kalkskog (Litla Brandvikneset, NF2 i plankart). Dette området er utan inngrep, og er svært verdifullt i høve vegetasjon som i Noreg er særige for Sunnhordlandsregionen.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Arealet nordvest for tiltaket er i aktiv jordbruksdrift. Vegtilkomst går gjennom jordbruksareal langs sjøkanten, og vil ikkje vera i direkte konflikt med drifta på garden.

Konklusjon: Området er plassert i tilknytning til eksisterande naustmiljø og ligg i tilknytning til jordbruksareal. Tiltaket vil ha privatiserande effekt på strandsona. Planen legg til rette for tiltaket grunna grunna ønskje om å leggja til rette for attåttnæring for grunneigarar på Huglo.

#### 7.8.7 Tveitvågen - LNF-spreidt, næring

Planen legg til rette for LNF-spreidt næring i strandsona (inntil tre einingar for utleige). Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Området er redusert og flytta frå sjø i høve til 1.gongshandsaming.

Arealet ligg sør for eit eldre steinnaust og er utan infrastruktur i dag. Tveitvågen er eit godt skjøtta kulturlandskap med tradisjonelt bygningsmiljø og jordbruk. Det er eit større samanhengande jordbrukslandskap frå gardane på Tveit og ned til sjøen i Tveitvågen. Området vert mykje nytta til rekreasjonsføremål som t.d. badeplass og båtliv. Tveitvågen er eit av utgangspunkta for natur-/kulturstien på Sørhuglo. Berggrunnen er kalkrik og i det har vore tradisjon med uttak av mineralressursar i området. Tiltaket ligg innanfor den funksjonelle strandsona, som er definert med bakgrunn i landskap og landbruksmiljø.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

På Kvernaneset sør for tiltaket er det ein kalkskog som er klassifisert som svært verdifull (A). Tiltaket vil ikkje vera i direkte konflikt med registrert biologisk mangfald, då verken tilkomstveg eller liknande vil verta i direkte kontakt med kalkskogen.

Konsekvensar for landbruk: Negativt (-)

Tiltaket ligg i eit område prega av jordbruk i aktiv drift og ligg innanfor definert kjerneområde for landbruk (L2 i plankart). Framlagt areal er knytt til sjø og ligg barskog og grunnlendt mark og delvis på fulldyrka mark. Landbrukslandskapet vil endra karakter då området er prega av tradisjonelt kulturlandskap og bygningsskikk. Det er viktig å setja krav ved byggesøknadar i høve tilpassing til eksisterande byggeskikk.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på strandsona og landbruket. Tilrettelegging av utleige hytter i nærleik av aktivt jordbruksareal kan vera ei utfordring, samtidig som tiltaket vil vera ei positiv tilleggsnæring for gardsbruket. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for tilleggsnæringar for grunneigarane på Huglo.



Bilde: Oversiktsbilete over Tveitvågen og gamalt steinnaust.

#### 7.8.8 Tveit - fritidsområde

Planen legg til rette for nytt fritidsområde. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-ja. Tiltaket omfattar ei eksisterande ubebyggt tomt for fritidsbustad. Området er nytt i høve til 1.gongshandsaming.

Tveit er eit godt skjøtta kulturlandskap med tradisjonelt bygningsmiljø og jordbruk. Det er eit større samanhengande jordbrukslandskap frå gardane på Tveit og ned til sjøen i Tveitvågen. Tveit er eit av utgangspunkta for natur-/kulturstien på Sørhuglo. Berggrunnen er kalkrik og i det har vore tradisjon med uttak av mineralressursar i området.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Negativt (-)

Tiltaket ligg i eit jordbruksdominert landskap som er definert som kjerneområde landbruk. Innanfor dette området skal jordbruket sine interesser verta spesielt teke omsyn til.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på landbruket med bakgrunn i at Tveit er klassifisert som kjerneområde for landbruk. Planen legg til rette for at området vert synt som eksisterande fritidsføremål, slik at planen samsvarar med dagens bruk.

#### 7.8.9 Tveit - bustadområde

Planen legg til rette for nytt bustadområde. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-ja. Tiltaket omfattar ei bustadtomt. Området er nytt i høve til 1.gongshandsaming.

Tveit er eit godt skjøtta kulturlandskap med tradisjonelt bygningsmiljø og jordbruk. Det er eit større samanhengande jordbrukslandskap frå gardane på Tveit og ned til sjøen i Tveitvågen. Tveit er eit av utgangspunkta for natur-/kulturstien på Sørhuglo. Berggrunnen er kalkrik og i det har vore tradisjon med uttak av mineralressursar i området.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Negativt (-)

Tiltaket ligg i eit jordbruksdominert landskap som er definert som kjerneområde landbruk. Innanfor dette området skal jordbruket sine interesser verta spesielt teke omsyn til. Tiltaksområdet ligg i tett opp til eksisterande busetnad og grensar til dyrka mark. Tiltaket vil ikkje redusera dyrkamark på Tveit eller splitta jordbruksområde.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på landbruket med bakgrunn i at Tveit er klassifisert som kjerneområde for landbruk. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for bustadtomter og nye busette i Tveitvågen.

#### 7.8.10 Sørhuglo - fritidsområde og naustområde

Planen legg til rette for utviding av eksisterande fritidsområde, samt nytt naustområde (inntil tre einingar). Området er i gjeldande plan avsett til LNF.

Landskapet er dominert av jordbruksaktivitet, samt at det fleire naust og fritidsbustadar i nærleiken. Vegtilkomst går gjennom jordbrukslandskap og gardstun. Jordbruksareala går ned til sjø. Tiltaka ligg innafor funksjonell strandsone som er definert med bakgrunn i landbruksmiljø og infrastruktur, veg . Arealen består av lauvskog, og grensar inn til eit område med grasbakkar.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Negativt (-)

Tiltaket ligg i eit jordbruksdominert landskap. Vegtilkomst går gjennom gardstun og område definert som kjerneområde for landbruk.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på strandsona og landbruket. Tiltaka er ei utviding av eksisterande fritidsområde. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for fritidsbusetnad som gir grunnlag for eksisterande næringsverksemdar og kan vera potensielle tilflyttarar på sikt, samt ønskje om å leggja til rette for tilgjenge til sjø for "hyttefolk" og fastbuande på Huglo.

#### 7.8.11 Sørhuglo - naustområde og småbåthamn

Planen legg til rette for naustområde (2 naust) og småbåthamn. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område og Akvakultur Fiske og Ferdsl i sjø. Tiltaka er nytt i høve til 1.gongshandsaming.

Landskapet er dominert av jordbruksaktivitet, samt at det fleire naust og fritidsbustadar i nærleiken. Det er fleire fritidsbustadar i nærleiken, samt gardsbruk. Vegtilkomst går gjennom jordbrukslandskap og gardstun. Jordbruksareala går ned til sjø. Tiltaka ligg innafor funksjonell strandsone som er definert med bakgrunn i landbruksmiljø.



Det er få båtplassar på Huglo. Det er behov for trygge og gode hamneområde. Lokaliteten er naturleg skjerma av eksisterande øyar. Det vil i tillegg vera naudsynt med molo og inngrep i strandsona. Småbåthamna vil også verta knytt til prosjektet, Fredheim senteret.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Negativt (-)

Tiltaket ligg i eit jordbruksdominert landskap som er definert som kjerneområde landbruk. Innanfor dette området skal jordbruket sine interesser verta spesielt teke omsyn til. Vegtilkomst går gjennom gardstun. Det er eksisterande veg ned til sjø.

Tiltaket vil vera knytt til gardsbruket som ei biinntekt og vil liggja under garden sitt bruksnummer.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på strandsona og landbruket i høve jordvern. Planen legg til rette for tiltaket grunna trong for god og trygg hamneområde for småbåtar, samt ønskje om å leggja til rette for tilgjenge til sjø for fastbuande på Huglo. Det er nødvendig å setta krav til undersøkingar av grunntilhøve og stabilitet før tiltaket kan gjennomførast.

#### 7.8.12 Sørhuglo - fritids- og turistføremål

Planen legg til rette for næringsføremål i strandsona (fritids- og turistføremål). Det er sett krav om reguleringsplan som vil definera omfang og plassering av tiltak. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Området er redusert og flytta i høve til 1.gongshandsaming.

Landskapet er dominert av jordbruksaktivitet, og det er fleire gardsbruk, fritidsbustadar og naust i nærleiken. Tiltaket skal vera ei tilleggsnæring til gardsdrifta. Stord kommune har motteke framlegg til reguleringsplan for området med føremål knytt til naust, rorbu og vegtilkomst. Tiltaket er ein del av prosjektet Fredheim senteret. Vegtilkomst går gjennom jordbrukslandskap og gardstun. Jordbruksareala går ned til sjø. Tiltaket ligg innanfor funksjonell strandsona som er definert med bakgrunn i landbruksmiljø.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Negativt (-)

Tiltaket ligg i eit jordbruksdominert landskap og ligg i område definert som kjerneområde landbruk. Innanfor dette området skal jordbruket sine interesser verta spesielt teke omsyn til. Vegtilkomst går gjennom gardstun. Reguleringsplanen legg føringar for vegutløyning til tiltaket.

Tiltaket vil vera knytt til gardsbruket som ei biinntekt. Rorbuene vil liggja under garden sitt bruksnummer.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på strandsona og landbruket i høve jordvern, men i eit næringsperspektiv vil tiltaket vera positivt for landbruket. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for attåttnæring for grunneigarar på Huglo.



Bilde: Landbrukslandskap på Sørhuglo. Tiltak i området vil verta synlege i dette området.

#### 7.8.13 Urdahaugen - LNF-spreidt bustad/fritid

Planen legg til rette for LNF-spreidt der det kan byggjast ut totalt 6 bustader, av desse kan 4 nyttast som fritidsbustader. Det er sett krav om infrastruktur, veg. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Tiltaket omfattar eit område, som bortsett frå kraftleidning er inngrepsfritt. Store deler av området består av barskog på låg bonitet med innslag myr, grunnlendt mark og fjell i dagen. Landskapet er

lite særprega og er ikkje eit dominerande landskapstrekk. Som urørt landskap er området sårbart for inngrep, og landskapskarakteren vil verta endra. Det er trong for vegtilkomst frå fylkesvegen.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Området har liten verdi for landbruket.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for landskapsbiletet. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for bustad- og fritidstomter for å auka befolknings- og næringsgrunnlaget.

#### 7.8.14 Skarvene aust - Sørhuglo - LNF-spreidt bustad/fritid

Planen legg til rette for utviding av eksisterande område for LNF-spreidt område (søraust). Området er delt inn i to, framtidig og eksisterande. Både i framtidig og eksisterande område kan det byggjast ut totalt tre bustadar, av desse kan to nyttast som fritidsbustadar. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-ja område og LNF.

Området er prega av busett areal med spreidd bustadar og fritidsbustadar. Landskapet har kontakt til sjø og er ein mosaikk av felt med barskog, myr og vegetasjonslause område. Arealet er avgrensa av fylkesvegen mot vest, og består av fleire eigedomar.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Det er ingen landbruksinteresser i området.

Konklusjon: Planframlegget er utvida i søraust med om lag 8 dekar. Heile området er prega av spreidd busetnad der ein no legg til rette for fortetting og utviding. Planen legg til rette for fortetting og utviding grunna ønskje om å leggja til rette for bustad- og fritidstomter for å auka befolknings- og næringsgrunnlaget.

#### 7.8.15 Leirvika - bustadområde og småbåthamn

Planen legg til rette for utviding av omregulering frå næring til bustadområde og ny småbåthamn. Området er i gjeldande plan avsett til næring og akvakultur, fiske og ferdsel i sjø.

Tiltaket er skissert som konsentrert leilegheitsprosjekt med tilhøyrande areal i sjø (kaifront og båt plassar). Område grensar til Leirvika, som er ein næringsrik og grunn poll (marin våtmark). Pollen og strandområda vert nytta til friluftaktivitetar i sumarhalv året. Det vil verta naudsynt med mindre inngrep i pollen i høve til mudring.

Lokaliteten ligg sentralt til i høve konsentrasjon av busetnad, med kort veg frå Skarvene, Tveit og Sørhuglo. Båthamna vil såleis verta nytta av leilegheitsprosjektet og eksisterande fastbuande og fritidsbebuarar på Huglo.

Konsekvensar for naturmiljø: Negativt (-)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Det er grunn til å tru det er rikt fugleliv i området i høve den næringsrike pollen og rik kantvegetasjon. Ved å mudra deler av pollen vil økosystemet endra seg, og kvalitetane verta redusert.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Tiltaket ligg i nærleiken av eit mindre fulldyrka jordbruksfelt, som hovudsakleg vert nytta til grasproduksjon.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for biologisk mangfald. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å stimulera til nye fastbuande, auka næringsaktivitet og oppretthalda/etablera

nye arbeidsplassar, samt trong for god og trygg hamneområde for småbåtar. Det er nødvendig å setta krav til undersøkingar av grunntilhøve og stabilitet før tiltaket kan gjennomførast.

#### 7.8.16 Skarvene - naust

Planen legg til rette for oppheva deler av reguleringsplan Skarvene I, eigedom gnr. 66 bnr. 28, og leggja til rette for byggeområde, naust. Området er i gjeldande reguleringsplan Skarvene I avsett til friområde.

Dei fleste bustadtomtene i Skarvene I er busett. Reguleringsplanen har avsett areal til m.a. naust og båtfeste, bustader og friområde. Det er etablert veg ned til eksisterande naustområde.

Omtalt friområde grensar til reguleringsplan Skarvene II. Arealet består av rullestein og ligg vêrhardt til, og er av mindre verdi som friområde. Fritidsbusetnad tett på området gjer samstundes at området sin verdi som friområde avgrensast. Området vert lite brukt som friområde for bebuarane i Skarvene og elles på Huglo. Dei områda som vert nytta som friområde er Vikasanden nord for byggefeltet eller Djupavika/Klubben i sørleg retning som er avsett til friluftsområde i reguleringsplan Skarvene II. Trongen for friområdet er redusert etter som friområdet Vikasanden er opparbeidd og at reguleringsplan Skarvene II har avsett eit større friluftsområde mot sjø.



Bilde: Rullesteinstrand i Skarvane. Bilete teke mot sør.

Naustområdet vert sett i samanheng med det kombinerte området Skarvene aust, og trong for ytterlegare naustplassar. Omreguleringa vil føra til fortetting av eit eksisterande naustområde. Dette er i samsvar med "strandsonerettleiaren". Tiltakshavar har skissert trong for fire naust, som skal liggja i to klynger mot eksisterande naust og mot reguleringsplan Skarvene II.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Det er ingen landbruksinteresser i området og omreguleringa vil ikkje råka landbruket negativt.

Konklusjon: Tiltaket har ingen negativ konsekvens for naturmiljø eller landbruk. Omdisponeringa er ei fortetting av naustområde i tilknytning til fritids- og bustadfelt. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for naustplass for fastbuande på Huglo.

#### 7.8.17 Røssbøvika/Vikasanden - naust

Planen legg til rette for naustområde. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Vikasanden er ei vik på vestsida av Huglo som ligg vêrhardt, og der det er behov for naust for båtlagring. Framlagt areal ligg i eit produktivt skogsområde og grensar til offentleg badeplass, Vikasanden. Badeplassen er i dag eigd av Huglo Bygdelaug, og Friluftsrådet Vest truleg vil ta over drifta. Området vert mykje nytta av fastbuande i sumarhalvåret, og er eit viktig rekreasjonsområde. På framlagt areal står det att grunnmurar etter to naust som er reve. Det er ønskje om å bygga på eksisterande grunnmur for det eine naustet og ny plassering for det andre grunna båtopptrekk går gjennom grunnmuren for dette naustet.

Tiltaket er knytt til LNF-spreidt næring, på Røssbø. Tiltaket ligg innanfor definert funksjonell strandsoner, som er sett på bakgrunn av topografi og landskap. Inntrykket av Røssbøvika vil vera redusert med all framlagt utbygging i strandsona, og landskapskarakteren vert endra.



Bilde: Badestranda Vikasanden med grunnmurar etter to naust.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Det er ingen landbruksinteresser i området.

Konklusjon: Planen har negativ konsekvens på området som offentleg badeplass og strandsona. Det er viktig å leggja føringar for storleik på naust og at tiltaka ikkje skal hindra fri ferdsel i strandsona slik at dei allmenne interessene vert teke i vare. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for naustplass for fastbuande på Huglo.

#### 7.8.18 Røssbøvika - naust

Planen legg til rette for naust. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Tiltaket ligg vest for Vikasanden badeplass. Landskapet har tilknytning til sjø og er eit produktivt skogsområde. Området har kvalitetar som utmarksområde. Tiltaket er plassert i ein klove som vil skjerma for vær og vind. Røssbøvika er prega av tradisjonelle naustmiljø som ligg spreidd i vika. Landskap, eigedomstilhøve og bruk tilsei at ein ikkje kan samla alle nausta på Røssbø til ei strand. Inntrykket av vika vil vera redusert med all framlagt utbygging i strandsona, og landskapskarakteren vert endra. Tiltaket ligg innanfor definert funksjonell strandsone, som er set med bakgrunn i landskap og topografi.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Tiltaket overlappar delvis med innmarksbeite. Framlagt areal har liten verdi som beite, då store deler av arealet er svaberg. Tilkomst går ikkje gjennom dyrka mark.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for strandsona og landskapet i Røssbøvika. Det er viktig å leggja føringar for storleik på naust og at tiltaket ikkje skal hindra fri ferdsel i strandsona slik at dei allmenne interessene vert teke i vare. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for nausttomt for fastbuande på Huglo.

#### 7.8.19 Røssbøneset - LNF-spreidt, næring

Planen legg til rette for LNF-spreidt, næring (ca. 90 dekar). Det er sett krav til reguleringsplan. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Det er lagt opp til å vidareutvikla eigedommen til eit attraktivt bumiljø og arbeidsplass (friluftsliv, pedagogikk, psykologi og sosialt arbeid). Tiltaka er spreidd over heile eigedommen. Det er skissert at berre mindre delar av eigedommen vert tilrettelagt til t.d. opprusting av eksisterande bygg, ny kai og aneks, samt klatre- og paintballområde.

Landskapet er dels eit urørt område og dels prega av infrastruktur og jordbruksdrift.

Store delar av arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø og synt som inngrepsfritt i arealstatus kartlegginga. Delar av tiltaket ligg innanfor definert funksjonell strandsone. Funksjonell strandsone er definert med bakgrunn i topografi, landskap og brattleik.

Tiltaket vil krevja ny tilkomstveg, då dagens veg går gjennom eit gardstun.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i framlagt areal. Nord for tiltaket ligg eit område med lokal verdi, rik sumpskog. Tiltaket vil ikkje råka det registrerte området negativt.

Konsekvensar for landbruk: Positivt (+)

Tiltaket vil vera ei inntektskjelde for gardsbruket. Ein del av prosjektet går ut på å rusta opp eksisterande bygg og vidareutvikla garden gjennom at *besøkande* medverkar i opparbeidinga og den daglege drifta. Prosjektskildringa er vinkla mot "Inn på tunet" modellen (grøn omsorg).

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på strandsona. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønske om å stimulera til auka næringsaktivitet og etablera nye arbeidsplassar, samt at næringsprosjektet vil få ringverknadar i regionen.

#### 7.8.20 Luradalen, Nordhuglo - fritidsområde

Planen legg til rette for fritidsføremål. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Området ligg på høgdedraget aust for fylkesvegen og Leira. Det er frådelt fire tomter og det er spreidd fritidsbusetnad i området. Det er eksisterande vegtilkomst i området. Tiltaket ligg i dag som LNF-område, og ber preg av spreidd fritidsbusetnad. Arealet vert i planframlegget synt som framtidig og eksisterande fritidsområde. Store delar av området består av grunnlendt mark og spartansk vegetasjon. Arealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men funksjonell strandsone er lagt i kant med fylkesveg. Tiltaket ligg ikkje innanfor definert funksjonell strandsone.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald innanfor planområdet. Leira, vest for tiltaket, er registrert som viktig naturområde, viktig rasteområde for vadefuglar (B) og svært viktig naturtype, strandeng og sumpskog (A) (NF6 i plankart). Tiltaket vil ikkje vera i direkte konflikt med registrert biologisk mangfald, men det er viktig at det vert teke omsyn til Leira sin sårbare økologi ved tilrettelegging av ev. vann og avlaup.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Tiltaket ligg tett opp til definert kjerneområde for landbruk på Nordhuglo. Tiltaket vil ikkje påverka landbruksressursane i området negativt då området allereie er utbygd.

Konklusjon: Området er prega av spreidd fritidsbusetnad der ein no legg til rette for fortetting. Planen legg til rette for at området vert synt som eksisterande fritidsføremål, slik at planen samsvarar med dagens bruk. som eksisterande fritidsføremål.

#### 7.8.21 Gullrompa, Nordhuglo - LNF-spreidt, fritid

Planen legg til rette for LNF-spreidt der det kan byggast ut totalt 3 fritidsbustadar. Det er sett krav om felles tilkomstveg frå sør, jf. føresegner. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Landskapet er karakterisert av inngrepsfri barskog på låg bonitet. Området er ein del av det heilskaplege landskapet som går opp til Høgafjellet og vidare mot sjø i aust. Arealavgrensinga er lagt slik at det ikkje vil vera eit markant trekk i terrenget, men framleis ha kvalitetar som utsikt og gode soltilhøve. Tiltaket ligg i nærleiken av område med fritidsbustadar (Luradalen).

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Tiltaket ligg i utkanten av eit større område definert som kjerneområde for landbruk. Området har kvalitetar knytt til utmarksbeite, men er ikkje nytta til beite i seinare tid.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens på landskapet, då tiltaket vil utløysa eit inngrepsfritt naturområde. Planen legg til rette for tiltaket grunna i ønskje om å gi grunnlag for eksisterande næringsverksemder og kan vera potensielle tilflyttarar på sikt.

#### 7.8.22 Småhaugane, Nordhuglo - LNF-spreidt, fritid

Planen legg til rette for LNF-spreidt der det kan byggast ut totalt 3 fritidsbustadar. Det er sett krav om felles tilkomstveg frå nord, jf. føresegner. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Landskapet er karakterisert av at det ligg i utkanten av produktivt jordbruksland, og har i tidlegare tider vore utnytta som ein utmarksressurs men ikkje i den siste tida. Framlagt areal ligg nær område med infrastruktur, veg og busetnad. Avsett areal er utan fysiske inngrep. Barskog dominerar med innslag av fjell i dag. Området er ein del av det heilskaplege landskapet som går opp til Høgafjellet og vidare mot sjø i aust.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Negativ (-)

Tiltaket grensar til kjerneområde for landbruk på Nordhuglo. Det er trong for vegutløysning. Vegutløysinga kan gi ein positiv effekt på jordbruket då vegen vert rusta opp og gir betre tilkomst for skjøtsel og drenering av beiteområda. På den andre sida vert fritidstrafikken kanalisert enten gjennom dyrka mark eller gardstun. Detaljplanlegginga må løysa denne utfordringa. Området er sårbart for konflikt mellom jordbruksinteresser og fritidsbusetnad grunna nærleik til jordbruk i aktiv drift og vegtilkomst.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for landbruk grunna potensiale for konflikhtar. Planen legg til rette for tiltaket grunna i ønskje om å gi grunnlag for eksisterande næringsverksemder og kan vera potensielle tilflyttarar på sikt.

#### 7.8.23 Homanndehaugane, Nordhuglo - fritidsføremål

Planen legg til rette for ei mindre arealutviding mot nord i eksisterande fritidsområde. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område.

Området ligg på eit markant nes der fritidstomtane er plassert på austsida av åsryggen. Mosaikk av furuskog, fjell i dagen og svaberg karakteriserar neset. Det er frådelt åtte tomter, der av seks er busett. Delar av tiltaket ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men ligg utanfor funksjonell strandsona. Den funksjonelle strandsona er definert på bakgrunn av verdifull biologisk mangfald og topografi.



Bilde: Neset Homanndehaugane med eksisterande fritidsbusetnad.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald innanfor området. Leira, aust for tiltaket, er registrert som viktig naturområde, viktig rasteområde for vadefuglar (B) og svært viktig naturtype, strandeng og sumpskog (A) (NF6 i plankart). Tiltaket vil ikkje vera i direkte konflikt med registrert biologisk mangfald, men det er viktig at det vert teke omsyn til Leira sin sårbare økologi ved tilrettelegging av ev. vann og avlaup.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Tiltaket ligg i kjerneområde for landbruk på Nordhuglo (L4 i plankart). Innanfor dette området skal jordbruket sine interesser verta spesielt teke omsyn til. Jordbrukslandskapet på Nordhuglo er eit større, samanhengande område med fleire gardsbruk i aktiv drift. Jordbruksdrifta er ikkje knytt til det aktuelle området. Vegtilkomsten går gjennom jordbrukslandskap og nærleik til gardstun.

Konklusjon: Planen utvidar fritidsarealet i nordleg retning. Området er prega av spreidd busetnad der ein no legg til rette for nye tomter og fortetting. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for fritidstomter for å auka befolknings- og næringsgrunnlaget.

#### 7.8.24 Nordhuglo - fritidsføremål

Planen legg til rette for to område for fritidsbusetnad. Det eine området er ei fritidstomt, medan det store området er nytt, urørt område, dette området har krav om reguleringsplan. For det største området er det sett krav til infrastruktur, veg. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Området er redusert i høve til 1.gongshandsaming.

Landskapet er karakterisert av inngrepsfri natur med mosaikk av barskog, svaberg, fjell i dagen og bratteparti mot sjø. Landskapet frå Breivika og ut til Kvarvaneset er område som er verdifullt og sårbart grunna det er eit markant landskapstrekk og utan særlege inngrep i dag. Framlegget vil endra landskapsbiletet på Nordhuglo.

Kommunedelplan for Fastlandssamband til Huglo er under arbeid. Denne planen vil løysa ut kravet om infrastruktur. Samtidig er det under planlegging skogsveg frå Huglavika og ut til Berrfjøttedalen for å kunna ta ut skogressursar i området, samtidig vil evt. skogsveg kunne gi vegtilgong til nausttomtene i eksisterande kommuneplan for Stord.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Det er ingen jordbruksinteresser i området. Nokre delfelt er tilplanta med gran/sitkagran og tiltaket kan løysa ut tilkomst til ressursane.

Konklusjon: Tiltaka har negativ konsekvens for landskapsbiletet. Tiltaka er avhengig av traseval og opparbeiding av fastlandssambandet til Tysnes. Vegtraseen vil endra landskapsbiletet på Nordhuglo samtidig som den opnar for bruk av utilgjengelege område i dag. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for attåttnæring for grunneigarar på Huglo og tilgjenge til sjø.

#### 7.8.25 Nordhuglo - naust

Planen legg til rette for eit område for naust (inntil 6 naust). Området er i utlagt i samband med nytt fritidsområde. Det er sett krav til infrastruktur, veg. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Området er nytt i høve til 1.gongshandsaming.

Landskapet er karakterisert av inngrepsfri natur med mosaikk av barskog, svaberg, fjell i dagen og bratteparti mot sjø. Landskapet frå Breivika og ut til Kvarvaneset er område som er verdifullt og sårbart grunna det er eit markant landskapstrekk og utan særlege inngrep i dag. Naustområdet ligg skjerma inne i ei vik og vil ikkje verta eit framtrudande element i landskapet. Saman med dei andre utbyggingsområda vil tiltaket endra landskapsbiletet på Nordhuglo.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registert viktig biologisk mangfald i området.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Det er ingen jordbruksinteresser i området.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for landskapsbiletet. Planen legg fram tiltaket grunna ønskje om å leggja til rette for tilgjenge til sjø for "hyttefolk" og fastbuande på Huglo.

#### 7.8.26 Nordhuglo - næringsområde

Planen legg til rette for eit næringsområde som vert knytt til akvakulturlokalitetane i Huglavika. Det er sett krav til infrastruktur, veg. Området er i gjeldande plan avsett til LNF-område. Området er redusert i høve 1.gongshandsaming.

Området grenser i sjø til ein av Norskjell AS sine skjelkonsesjonar for dyrking av kamskjel i mellomkultur. Det er ønskje om å avsetta området til sjøtilknytt næring slik at Norskjell AS kan flytta verksemda si frå Huglavika og letta den daglege drifta. Bedrifta er knytt til fastbuande på Huglo.

Landskapet er karakterisert av inngrepsfri natur med mosaikk av barskog av ulik kvalitet, svaberg, fjell i dagen og bratteparti mot sjø. Landskapet frå Breivika og ut til Kvarvaneset er område som er verdifullt og sårbart grunna det er eit markant landskapstrekk og utan særlege inngrep i dag. Kommunedelplanen vil endra landskapsbiletet på Nordhuglo.

Kommunedelplan for Fastlandssamband til Huglo er under arbeid. Denne planen vil løysa ut kravet om infrastruktur. Samtidig er det under planlegging skogsveg frå Huglavika og ut til Berrføttedalen for å kunna ta ut skogressursar i området, samt gi tilgong til nausttomtene i eksisterande kommuneplan for Stord.

Konsekvensar for naturmiljø: Negativ (-)

Det er ikkje registert viktig biologisk mangfald i området. Det er registert eit hjortetrekk frå Storsøy og Tysnes som går i land i Kvarvadalen. Tiltaket kan medføra endra rute for sesongtrekket.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Det er ingen jordbruksinteresser i området. Tiltaket kan vera med på å løysa ut uttak av skogressursar i området. Skogressursane har ikkje spesiell høg verdi, men kan vera ei biinntekt.

Konklusjon: Tiltaket har negativ konsekvens for landskapsbiletet og biologisk mangfald. Planen legg fram tiltaket for å stimulera til auka næringsaktivitet og oppretthalda/etablera nye arbeidsplassar.

#### 7.8.27 Morkavatn og Stemmevatnet - LNF-område

Planen legg til rette for å fjerna restriksjonsarealet nedslagsfelt for drikkevatn, og legg det ut som LNF-område.

Huglo har fram til 2008 vore sjølvforsynt med drikkevatn. Vassforsyninga til Nordhuglo vart teke frå Stemmevatnet, medan Morkavatnet har forsynt Sørhuglo. I tillegg finst det ein del private installasjonar. Vasskvaliteten har til tider vore svært dårleg inntil at store deler av Huglo no er tilkopla den kommunal vassforsyninga. Installasjonar knytt til vatna er fjerna, og vatna sin status som drikkevasskjelde er ikkje lenger aktuelt.

Konsekvensar for naturmiljø: Inga (0)

Det er ikkje registrert viktig biologisk mangfald i områda. Fjerning av restriksjonssona kan medføra framtidig utbygging og dermed fragmentering av naturområde. Planframlegget legg ikkje til rette for utbygging i desse områda.

Konsekvensar for landbruk: Inga (0)

Fjerning av restriksjonssona vil ha ingen konsekvens for landbruket.

Konklusjon: Føremåsendringa har ingen negative konsekvensar. Betring av vasskvaliteten gjennom tilkopling til kommunalt vassvert vil ha ein positiv innverknad på vidare utvikling av lokalsamfunnet. Planen legg til rette for å oppdatere arealføremål til dagens status for områda.

#### 7.8.28 Huglavika, Nordhuglo - kombinert føremål akvakultur, fiske og ferdsel

Planen legg til rette for å endra føremål i sjø frå Fiskeområde, kast- og låssettingsplassar til kombinert føremål akvakultur, fiske og ferdsel (AFF).

Sjøarealet har historisk vore nytta som kasteplass og låssettingingsplass då fiskeressursane vart aktivt hausta. I nyare tid er ikkje området vore nytta til desse føremåla. I følgje litteraturstudie frå



Havforskningsinstituttet (2007) har utviklinga i fisket redusert trongen for kasteplassar, medan det framleis er trøng for låssettingsplassar.

I Huglavika finn ein m.a. ferjekai, lastekai, naustområde og planlagt molo og båthamn.

Konsekvens for naturmiljøet: Inga (0)  
Det er ikkje registrert biologisk mangfald i området.

Konsekvens for landbruk: Inga (0)  
Lasting av landbruksvarar m.m. vert gjort på lastekaia ved sida av ferjeleiet.

Konklusjon: Planen legg til rette for å oppdatera arealføremål til dagens bruk av området.

#### 7.8.29 Kvarvaneset, Nordhuglo - Akvakultur Fiske og Ferdset

Planen legg til rette for å utvida eksisterande Akvakultur Fiske Ferdset (AFF) område i austleg retning for å inkludera heile eksisterande konsesjon i føremålet. Området som vert utvida er i gjeldande plan avsett til vassareal for allmenn fleirbruk.

Konklusjon:  
Føremålsendringa har ingen negative konsekvensar. Planen legg til rette for ei utviding av AFF slik at konsesjon vert i samsvar med arealplan.

#### 7.8.30 Lyraberget, Laukhammarsundet - natur og friluftsområde i sjø

Planen legg fram endring av føremål frå Akvakultur Fiske Ferdset (AFF) til Naturområde Friluftsområde (NF). Arealavgrensinga er den same som i eksisterande kommuneplan.

Lokaliteten ligg på nordaust sida av Huglo. Det er ingen aktive/inaktive konsesjonar innanfor arealet. Lokaliteten ligg i Hardangerfjorden der Fiskeridirektoratet har signalisert at dei vil vera restriktiv med å gi nye konsesjonar.

Konklusjon: Planen vil redusera omfanget av aktuelle akvakulturområde kring Huglo. Planen legg til rette for at verdiane natur og friluft vert gjeldande.

#### 7.8.31 Tveitøyane - Akvakultur

Planen legg til rette for akvakulturføremål (AK). Området er i gjeldande plan avsett til Natur Friluftsområde (NF).

Norskjell AS har midlertidig konsesjon for dyrking av kamskjel på lokaliteten. Konsesjonen er basert på at ein ønskjer å hausta erfaring av verknaden av havbeiteaktiviteten før endeleg avgjerd. Det er ikkje knytt restriksjonar på ferdset innanfor konsesjonsarealet, men det er forbode å nytta flytande fiskereiskap. Lokaliteten er eit gunstig område for kamskjeldyrking, og er eit positivt forsøksprosjekt for næringa i regionen.

Tveitøyane er eit område som vert mykje nytta av båtfolk. Området er synt som regionalt viktig friluftsområde. Tiltaket ligg innanfor eit arealet som er skissert i førebels marin verneplan (Ytre Hardangerfjord). Ytre Hardangerfjord sine verdiane er knytt til terskelen og det rike dyrelivet der og djupnbassenget innafor.

Konsekvensar for naturmiljø:  
Bleikjo naturreservat for sjøfugl ligg tett opp til lokaliteten. Det er ikkje gjort erfaringar med at tiltaket store konflikstar i høve kjente førekomstar av sjøfugl eller andre naturverninteresser.

Konklusjon: Føremålsendringa vil vera negativt for friluftslivet og område ligg i utkast til marin verneplan. Planen legg til rette for tiltaket grunna ønskje om å auka næringsgrunnlaget på Huglo. Området er eit optimalt for dyrking av kamskjel, og vil vera med på å vidareutvikla kamskjelnæringa i regionen.

#### 7.8.32 Bruskjere/Furuholmen - fiske, ferdsel, natur og friluftsområde i sjø

Planen legg fram endring av føremål frå Akvakultur Fiske Ferdsel (AFF) til Fiske, Ferdsel, Natur og Friluftsområde (FFNF). Arealavgrensinga er den same som i eksisterande kommuneplan.

Lokaliteten ligg på søraust sida av Huglo. Det er ein konsesjon på torsk innanfor arealet som aldri har vore i drift. Lokaliteten har vanskelege straum- og djupnetilhøve. Lokaliteten ligg i Hardangerfjorden der Fiskeridirektoratet har signalisert at dei vil vera restriktiv med å gi nye konsesjonar.

Konklusjon: Planen vil redusera omfanget av aktuelle akvakulturområde kring Huglo. Lokaliteten er lite egna for akvakultur. Planen legg til rette for at verdiane fiske, ferdsel, natur og friluft vert gjeldande.

#### 7.8.33 Røssbøneset/Huglahammaren - natur- og friluftsområde i sjø, samt fiske og ferdsel

Planen legg fram endring av føremål frå Akvakultur Fiske Ferdsel (AFF) til Friluftsområde (NF) i Røssbøvika og Fiske Ferdsel (FF) i resterande areal. Arealavgrensinga er den same som i eksisterande kommuneplan.

Lokaliteten ligg på sørvest sida av Huglo. Det er knytt sterke interessekonfliktar til området, og søknad om permanent konsesjon med laksefisk vart avslått med bakgrunn i m.a. lokal motstand. Det ligg ingen konsesjonar i området i dag.

Konklusjon: Planen vil redusera omfanget av akvakulturområde kring Huglo. Planen legg til rette for at verdiane natur og friluft vert gjeldande, då området har store interessekonfliktar.

## 8 Samanstilling og tilråding

### 8.1 Innleiing

Huglo er eit lokalsamfunn med befolkningsutfordringar. For å skape eit stabilt samfunn og styrke grunnlaget har kommunedelplanen satsa på ei fleksibel arealforvaltning. Denne satsinga vil både på kort- og langsikt gi Huglo eit løft. Samtidig som det vert opna for nye utbyggingsområder, er det lagt føringar som vernar andre område gjennom omsynssoner. Planframlegget vidarefører kvalitetane på Huglo, som t.d. spreidd busetnad, bygdeutvikling, store naturområde og sjøtilknytning.

Framlegg til kommunedelplan for Huglo er i stor grad bygt på medverknad frå dei busette og grunneigarane på Huglo. Dette er i tråd med kommunen sitt mål om å leggja til rette for ei bydeutvikling slik dei som eig og driv bygda ønskjer, innanfor rammene av ei berekraftig og planretta utvikling.

Revidering av arealdelen er sett i hovudfokus, for slik å leggja til rette for arealføremål som fremjar utviklinga av hovudmål og delmål for planen.

### 8.2 Samanstilling av konsekvensar

Det er for kvart tema søkt å koma til ein konklusjon for i kva grad tiltaka samla sett har positive, ingen eller negative verknader for eksisterande tilhøve. Tabellen nedanfor syner denne oppstillinga.

Tabell 4. Samanstilling av konsekvensar.

Tema	Konklusjon
Landbruk	Positiv konsekvens (+)
Biologisk mangfald	Ingen konsekvens (0)
Havbruk	Positiv konsekvens (+)
Landskap	Ingen konsekvens (0)/Negativ konsekvens (-)
Strandsone	Positiv konsekvens (+) for arealforvaltninga Negativ konsekvens (-) som arealressurs
Rekreasjon og friluftsliv	Positiv konsekvens (+)
Kulturminne	Ingen konsekvens (0)
Beredskap ogulukkesrisiko	Ingen konsekvens (0)
Busetting og folketal	Positiv konsekvens (+)
Næring og sysselsetting	Positiv konsekvens (+)
Kultur og reiseliv	Positiv konsekvens (+)

### 8.3 Vurdering av planframlegg i høve mål og retningsliner

Kommunedelplanen er utarbeidd etter ny plan- og bygningslov (2009) og ny forskrift om konsekvensutgreiingar (2009), som legg føringar for utarbeiding av planen.

Utvikling og økonomisk vekst medfører ofte kamp om areala. Nasjonale og regionale mynde har sett føringar for å sikra fellesskapet sine interesser i høve m.a. friluftsliv og rekreasjon, naturressursar

og kulturlandskap. Det er trong for føreseieleg og tydeleg arealforvaltning som sikrar utvikling samstundes at natur og kulturverdiar vert teke vare på. Det er tiltakshavar si meining av kommunedelplan for Huglo er i tråd med statlege, regionale og lokale føringar for arealforvaltning.

Planframlegget har søkt å i vareta statlege og regionale retningsliner i høve viktige tema som landbruk, strandsoner, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. Dette ved å leggja omsynssoner på særigne område, fastsetja funksjonell strandsoner, samt å sjå strandsoner og landareal under eitt. Avklaringar knytt til arealstatus for strandsoner og kartlegging av funksjonell strandsoner for dei mest aktuelle områda har såleis vore ein viktig del av planarbeidet.

Hovudmålet med kommunedelplanen er å skapa eit robust, berekraftig og triveleg lokalsamfunn for fastbuande og vitjande. Det er lagt særleg vekt på rullering av arealdelen for å auka tilflyttinga gjennom å tilby kvalitetar Huglo som øy og samfunn kan tilby. Viktige tema innanfor samfunnsdelen definert i planprogrammet er ivareteke i diskusjonar undervegs i prosessen, og har difor ikkje vore gjenstand for eigne utgreiingar i denne planrulleringa. Tema oppvekst, rehabilitering, helse og omsorg vert teke i vare gjennom rullering av kommuneplan for Stord, med vedteke planprogram juni 2009.

#### **8.4 Tilråding**

Det er gjennomført ei konsekvensutgreiing for heile planområdet innan ulike deltema. Føremålsendringane vil gi både positive og negative konsekvensar. Planen legg fram 36 føremålsendringar frå gjeldande kommuneplan for Stord (2004-2015).

Avbøtande tiltak er ikkje teke med som eige plantema, men er teke med undervegs der det er høveleg i plandokumentet. I samband med detaljplanlegging vil slike tilhøve verta gjenstand for grundigare vurdering.

Planframlegget vil gi ein fleksibilitet til å utvikla Huglo som ein god plass å bu og som turistdestinasjon. Arealforvaltninga som planen legg opp til, vil medverka til å gjera Huglo til eit stabilt samfunn med kvalitetar knytt til spreidd busetnad, sjøtilknytning og store naturområde.

## 9 Figur- og tabelloversyn

### 9.1 Figuroversyn

FIGUR 1. SUNNHORDLANDSBASSENGET, HUGLO ER AVMERKA I KART MED OMRISS.....	6
FIGUR 2. BUSETNADEN ER KONSENTRERT KRING HOVDVEGNETTET I DEI FRODIGASTE PARTIA. INFRASTRUKTUREN ER SKISSERT I HØVE TIL DEN GENERELLE SITUASJONEN, BRUK OG KLASSIFIKASJON, I DELOMRÅDA. ....	8
FIGUR 3. FORDELING AV ARBEIDSPASSAR FOR FASTBUANDE PÅ HUGLO PER 2009. ....	9
FIGUR 4. ORGANISASJONSPLAN. ....	11
FIGUR 5. KOMMUNEPLAN FOR STORD, AREALDEL (2004-2015). ....	14
FIGUR 6. DEFINERTE KJERNEOMRÅDE FOR LANDBRUK PÅ HUGLO. ....	18
FIGUR 7. EKSISTERANDE AKVAKULTURLOKALITETAR MED TYPE KONSESJON I SJØOMRÅDA KRING HUGLO. ....	19
FIGUR 8. AVGRENSING AV FUNKSJONELL STRANDSONE I SEKS DELOMRÅDE PÅ HUGLO.....	23
FIGUR 9. REGISTRERTE VILT, NATURTYPAR, NATUROMRÅDE OG KORALLREV AV LOKAL, REGIONAL OG NASJONAL VERDI. ....	24
FIGUR 10. REGISTRERTE KULTURMINNE OG DEFINERTE KULTURMILJØ PÅ HUGLO. ....	25
FIGUR 11. TEMAKART FRILUFTSLIV/REKREASJON. ....	26

### 9.2 Tabelloversyn

TABELL 1. SAMANSTILLING AV KONSEKVENSAER.....	5
TABELL 2. OVERSIKT AV FASTBUANDE, ARBEIDSPASSAR OG SKULEELEVAR PÅ HUGLO I PERIODEN 1970-2009.....	9
TABELL 3. FORDELING AV INNGREP OG URØRT STRANDSONEAREAL.....	23

## 10 Føresegner og retningslinjer

Føresegnene er heimla i Plan og bygningslov (PBL) § 11-11, og gjeld for område vist på plankart, datert 22.11.2010.

### 1. AREALFØREMÅL

1.1 Arealet innanfor plangrensa er avsett til følgjande føremål, PBL § 11-7, 1-6:

#### PBL. § 11-7, 1. ledd nr. 1 BEBYGGELSE OG ANLEGG

- Bustader
- Fritidsbusetnad
- Tenesteyting
- Fritids- og turistformål
- Næringsbygningar
- Andre typar bygningar

#### PBL. § 11-7, 1. ledd nr. 2 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

- Hamn

#### PBL. § 11-7, 1. ledd nr. 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT

- Landbruks-, natur-, og friluftformål og reindrift (LNFR)
- LNFR-areal. Spreidd bustad-, fritids- og næringsbygningar
- LNFR-areal. Spreidd fritidsbusetnad
- LNFR-areal. Spreidde næringsbygningar

#### PBL. § 11-7, 1. ledd nr. 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG

- Akvakultur
- Friluftsområde
- Kombinerte føremål i sjø og vassdrag
- Småbåthamn
- Fiske

## ORIENTERING/DEFINISJONAR

### Kommunedelplanen

- Kommunedelplanen sin arealdel er utarbeidd med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 11-5.
- Føresegnene er saman med plankartet juridisk bindande for framtidig arealbruk.
- Retningslinene er ikkje juridisk bindande, men legg likevel viktige føringar for arealplanlegging og byggesakshandsaming i kommunen.
- Reguleringsplanar, vedteke før kommunedelplanen trer i kraft, inngår i det omfang som går fram av plankart. Heimel: PBL § 11-8 f.
- Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar av verneverdi, skal arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren få melding for ei nærare gransking på staden, jfr. Kulturminnelova § 8, 2. ledd.
- I samsvar med PBL § 11-8 er det lagt omsynssoner med særlege omsyn til infrastruktur, landbruk, krav til felles plan, samt sone for gjeldande reguleringsplan, jfr. kap. 3. Ved søknad om tiltak i område med omsynssone skal dokumentasjon om at tiltaket ikkje er i konflikt med omsynet framleggjast.
- Ved planlegging og utbygging skal risiko og sårbarheit frå menneske- og naturskapte farar dokumenterast (jfr. PBL § 4-3). Det skal ved utarbeiding av alle reguleringsplanar gjennomførast ein risiko- og sårbarhetsanalyse som m.a. vurderer risiko for naturskade, forureining, ulukker m.m. med forslag til avbøtande tiltak for å unngå/reduera faren for skade.
- Tiltak i sjø som bygging av kai, utfyllingar, utlegging av flytebrygger og leidningar i sjø krev løyve etter Hamne- og farvasslova.

### Strandsone

- Strandsone skal bevarast som verdifullt natur- og friluftsområde, og sikrast god tilgjenge for ålmenta. Sidan 1950-talet har Noreg hatt eigne reglar for bruk og vern av strandsone.

Bygging i 100-metersbeltet langs sjø er i dag regulert i Plan- og bygningslova av 2008, paragraf 1-8, *Forbod mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag*.

Forbodet gjeld så langt ikkje anna byggegrense er fastsett i kommuneplanens arealdel eller reguleringsplan. Forbodet gjeld ikkje der kommunen i kommuneplanens arealdel har tillate oppføring av naudsynte bygningar, mindre anlegg og opplag som skal tene til landbruk, reindrift, fiske, akvakultur eller ferdsel til sjøs.

- I Fylkesplan 2005-2008 er funksjonell strandsone definert som;

*"Den sone som står i innbyrdes direkte samspel med sjøen både økologisk, topografisk og/eller bruksmessig. Kan vera smalare eller breiare enn 100-metersbeltet".*

Den funksjonelle strandsone kan nyttast som bakgrunn for å fastsetja ny juridisk bindande byggegrense mot sjø. På denne måten kan ein differensiera strandsone ytterlegare i høve til bruk og vern av strandsone enn det bygge- og deleforbodet i plan- og bygningslova tillet.

- Den funksjonelle strandsona er kartlagt for delar av planområdet Huglo. Temakart syner funksjonell strandsone. Innanfor desse områda skal det takast særskilt omsyn til strandsoneverdiar.
- I enkelte byggeområde innanfor 100-metersbeltet er det sett ny byggegrense i samsvar med PBL §§ 1-8 3. ledd og 11-9 nr. 5. I område der funksjonell strandsone er sett lenger inn på land enn byggegrensa, er det lagt ei omsynssone for strandsoneverdiar frå og med funksjonell strandsone og til sjø.
- I nye reguleringsplanar vil ei byggjegrænse normalt inngå. Gjeldande reguleringsplanar som ikkje har ei definert byggjegrænse vil bli omfatta av byggjeforbodet innanfor 100-metersbeltet, og det er naudsynt å fastsetja ny byggjegrænse mot sjø om tiltak skal tillatast. Dette gjeld også for område som er angitt for spreitt busetnad etter § 11-11 nr.1 og 2.
- I LNF-område er det sett forbodsgrense langs sjø. Denne grensa er sett lik funksjonell strandsone der den er definert og langs 100-metersbeltet der funksjonell strandsone ikkje er definert.



## 2 GENERELLE FØRESEGNER

- 2.1 For område avsett til utbyggingsføremål kan arbeid og tiltak etter PBL kap 20 og 30, og frådelling til slike føremål, ikkje finna stad før områda inngår i reguleringsplan.  
Heimel: PBL § 11-9 nr.1.
- 2.2 Kommunen kan krevja at utbygging ikkje vert sett i gang før det er etablert infrastrukturtiltak som kommunaltekniske anlegg, straumforsyning, trafikksikker tilkomst for gåande, syklande og køyrande og offentlege tenester. Heimel: PBL §§ 11-9 nr. 3 og 4.
- 2.3 Nybygg skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med sin funksjon, og tilpassast eksisterande tomte- og utbyggingsstruktur, terreng/vegetasjon og tilgrensande bygg ved plassering, utnyttingsgrad, volum, takform, material- og fargeval. Heimel: PBL § 11-9 nr.6.
- 2.4 Nye tiltak skal leggja til grunn dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer for bygg og anlegg med omsyn til universell utforming i kommunen Heimel: PBL § 11-9 nr. 5
- 2.5 Utbyggingsavtalar skal utformast i samsvar med til ein kvar tid gjeldande retningsliner for utbyggingsavtalar i Stord kommune. Heimel: PBL § 11-9 nr.2.
- 2.6 Det skal ikkje gjevast løyve til tiltak som kjem i konflikt med verdifulle kulturminne eller forstyrrar heilskapen i verdifulle kulturlandskap.
- 2.7 I enkelte byggeområde og område for LNF-spreidt innanfor 100-metersbeltet er det sett ny byggegrense mot sjø. Heimel: PBL §§ 1-8, 3.ledd og 11-9 nr. 5.  
Reguleringsplanar med fastsett byggegrense mot sjø erstattar 100-metersbeltet som byggegrense. Heimel: PBL § 12-7 nr.2.

### **3 BEBYGGELSE OG ANLEGG PBL § 11-7 nr. 1**

#### **3.1 Generelt**

- 3.1.1 I område avsett til byggeområde kan det tillatast inntil 3 einingar som fortetting og ny busetnad utan krav til plan. Heimel: PBL § 11-10 nr.1.
- 3.1.2 På eigedom som er bygd med bustadhus kan det gjevast løyve til mindre tiltak (jfr PBL § 20-2 bokstav a) utan reguleringsplan for tilbygg, frittståande uthus/garasje, mindre anlegg, som tilhøyrrer bustaden/tunet. Heimel: PBL § 11-10 nr.1.

#### **Retningsliner for bebyggelse og anlegg:**

- ✓ Ved planlegging av byggeområde skal det dokumenterast korleis prosjektet tilfredstiller krav til terrengtilpassing, fjernverknad, byggeskikk og tilpassing til eksisterande bygningar.
- ✓ I område for heilårs- og fritidsbustader bør større terrassar leggjast på bakkenivå. Store terrassar med rekkverk som skapar ei dominerande visuell verknad bør ikkje tillatast.
- ✓ Nybygg skal ha ei fleksibel energiløysning. I nye større byggefelt skal utbyggjar utgreia minimum eitt alternativ utover elektrisk kraft.
- ✓ Vassboren varme skal nyttast i alle kommunale nybyggings- og rehabiliteringsprosjekt.
- ✓ I nye byggeprosjekt over 500 m<sup>2</sup> bruksareal skal det lagast eit energi- og effektbudsjett og greiast ut bruk av alternative energikjelder.
- ✓ Ved fortetting innan eksisterande bustadområde og i nye bustadområde bør alternativ til einbustadar vurderast, for å utvikla ulike typar bygg som hyblar, rekkehus og bustadar med livsløpsstandard
- ✓ Nye bustad- og fritidsbustadtomter bør ha ei maksimal utstrekning på inntil 2 dekar.

#### **3.2 Bustader**

- 3.2.1 Føremålet er byggjeområde for bustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal. Heimel: PBL § 11-7 nr.1.
- 3.2.2 I nye bustadfelt skal det opparbeidast leikeplassar og fellesareal i samsvar med kommunalteknisk norm for Stord kommune. Leikeplassar og fellesareal skal vera ferdig opparbeidd før felta vert tekne i bruk (jfr. PBL § 11-9 nr. 4).

#### **3.3 Fritidsbusetnad**

- 3.3.1 Føremålet er byggjeområde for fritidsbustader med tilhøyrande teknisk anlegg, garasje, uthus, vegar, parkering og anna fellesareal. Heimel: PBL § 11-7 nr.1.
- 3.3.2 Fritidsbustader skal disponere minst ein biloppstillingsplass. Heimel: PBL § 11-9 nr. 5.

#### **3.4 Tenesteyting**

- 3.4.1 Føremålet er byggjeområde for offentleg tenesteyting som skule, barnehage, idrettsanlegg, kyrkje, gravplass m.m. med tilhøyrande teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Heimel: PBL § 11-7 nr.1.

### **3.5 Fritids- og turistformål**

- 3.5.1 Føremålet er område for fritids- og turistføremål med tilhørende teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal.
- 3.5.2 Det kan byggjast utleigehytter. Bygg og anlegg skal tilpassast landskap og lokal byggeskikk.

### **3.6 Næringsbygningar**

- 3.6.1 Føremålet er næringsverksemd med tilhørende teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Heimel: PBL § 11-7 nr.1.
- 3.6.2 Næringsområde på Nordhuglo (gnr 3 bnr 2) kan utviklast som næringsområde knytt til akvakultur. Området kan baserast på sjøtilkomst. Det kan leggjast til rette for fylling i sjø/kai innanfor området. Reguleringsplan skal ha fokus på landskapsmessig og estetisk tilpassing. Tiltaket skal ikkje vera større enn det som er naudsynt til føremålet.

### **3.7 Andre typar bygningar**

- 3.7.1 Føremålet er byggeområde naust (N5) med tilhørende teknisk anlegg, veg, parkering. Heimel: PBL § 11-7 nr.1.
- 3.7.2 Naust skal ha maks 40 kvm grunnflate, ha saltak med takvinkel 35-45 grader, vera maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgde 5,0 m over lågaste terreng under bygget, ha knappe takutstikk, ikkje ha takvindauge, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindauge. Fargebruk og materialbruk i murar, kledning og tak skal vera som for tradisjonelle naust. Heimel: PBL § 11-9 nr. 5. og 6.
- 3.7.3 Naust og tilhørende anlegg og aktivitetar er å rekna for uthus og skal ikkje hindre fri ferdsel i strandsona Heimel: PBL § 11-11 nr. 5.

#### **Retningslinjer for andre typar bygningar:**

- ✓ I etablert byggeområde for naust, er fortetting med naust tillate når storleik og utforming er i samsvar med byggeskikken for naust i området. Dette gjeld også der eksisterande naust er større enn 40 kvm. Fortetting er bygging av 1-3 naust, eller frådelling av 1-3 nausttomter.
- ✓ Lokalisering og utforming av naust bør ikkje utløysa store terrenginngrep og vera best mogleg tilpassa tradisjonelle naust i området.

## 4 SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR PBL § 11-7 nr. 2

### 4.1 Hamn

- 4.1.1 Føremålet er byggjeområde hamn. Heimel: PBL § 11-7 nr.2. På bakkeplan kan området nyttast til trafikkareal for hamneområdet, forutan bygningar og konstruksjonar knytt til service av hamna.
- 4.1.2 Hamneområda skal sikra gode område for offentleg nyttetraffic på sjøen. Mogelege installasjonar i hamneområda skal ta omsyn til behovet for tilflott og manøvrering. Heimel: PBL § 11-10 nr.2

#### Retningslinjer for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur:

- ✓ Omsynssone for trasé for fastsamband Tynes er avsett med buffer ned til sjø og 50 meter inn på land. Linja er retningsgivande til endeleg trasé er vedteke.
- ✓ Kraft- og teleleidningar bør leggjast i jordkabel der det er mogleg i samband med veg- og bustadutbygging.
- ✓ Nye vegar inn i urørte områder skal vera minst mogleg synleg og vera til minst mogleg ulempe for miljøet. Vegane bør plasserast i terrenget på ein måte som reduserar skjeringar/fyllingar til eit minimum.
- ✓ I samband med utbygging bør det gjerast ei vurdering av trafikksituasjonen i området, med tanke på sanering av farlege eller potensielt farlege avkøyrslar. Talet på avkøyrslar inn på offentleg veg bør haldast på eit minimum.

## 5 LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSFORMÅL OG REINDRIFT PBL § 11-7 nr. 5

### 5.1 Landbruks-, natur-, og friluftformål og reindrift (LNFR)

5.1.1 Føremålet er landbruks-, natur-, og friluftsområde der tiltak i samband med stadbunden næring er tillate. Heimel: PBL § 11-7 nr.5 pkt a.

5.1.2 Naudsynte tiltak for landbruk er tillate i strandsona. Heimel: PBL §§ 11-7 nr. 5 pkt a) og 1-8, 2.ledd.

#### Retningslinjer for LNFR:

- ✓ Naudsynte tiltak i landbruket vert definert som i rettleiar Landbruk +, T-1443:2005.
- ✓ For nye byggjetiltak på gardsbruk i aktiv drift, skal tiltaket vera knytt til produksjonen på garden eller den trongen garden har for varer eller tenester.
- ✓ Tiltaket skal plasserast med omsyn til friluftslivinteresser, natur- eller kulturlandskap, og skal tilpassast lokal byggjeskikk.
- ✓ Uheldig omdisponering eller fragmentering av landbruksområde skal unngåast, og omdisponering av areal til anna føremål bør skje gjennom overordna arealplanlegging.

### 5.2 LNFR-areal. Spreidd bustad-, fritids- og næringsbygningar

5.2.1 Føremålet er landbruks-, natur-, og friluftsområde der spreidd busetnad er tillate. Heimel: PBL §§ 11-7 nr.5 pkt b.

5.2.2 I område avsett til føremålet kan det tillatast inntil 3 einingar som fortetting og ny busetnad utan krav til plan. Heimel: PBL § 11-11 nr.2.

5.2.3 På eigedom som er bygd med bustadhus kan det gjevast løyve til mindre tiltak (jfr PBL § 20-2 bokstav a) utan reguleringsplan for tilbygg, frittstående uthus/garasje, mindre anlegg, som tilhøyrrer bustaden/tunet. Heimel: PBL § 11-11 nr.2.

5.2.4 Det skal ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogsområde av høg bonitet. Heimel: PBL § 11-11 nr.2.

5.2.5 Frådelingar eller byggeløyve må ikkje føre til auka trafikk gjennom gardstun. Heimel: PBL § 11-11 nr.2.

5.2.6 Det skal ikkje delast frå tomt nærare driftsbygning enn 100 m. Dette gjeld driftsbygning i tradisjonell drift som kan gje lukt- eller støyplager. Frådelingar skal ikkje vera til ulempe for gardsdrifta eller skiplar kulturlandskapet. Heimel: PBL § 11-11 nr.2.

5.2.7 Område avsett til LNFR-spreidd kan i planperioden byggjast ut i samsvar med definert omfang som opplista nedanfor. Heimel: PBL § 11-11 nr. 2.

- S1 Småhaugane: det kan byggjast ut totalt 3 fritidsbustader
- S2 Gullrompa: det kan byggjast ut totalt 3 fritidsbustader
- S4 Skarvene aust 1: det kan byggjast ut totalt 3 bustader, av desse kan 2 nyttast som fritidsbustader

- **S5** Skarvene aust 2: det kan byggjast ut totalt 3 bustader, av desse kan 2 nyttast som fritidsbustader
- **S6** Urdahaugen: det kan byggjast ut totalt 6 bustader, av desse kan 4 nyttast som fritidsbustader
- **S7** Tveitevågen: det kan byggjast ut 3 utleiehytter som næringsføremål.
- **S8** Litla Brandvik: det kan byggjast ut totalt 4 bustader, av desse kan 2 nyttast som fritidsbustader
- **S9** Stora Brandvik: det kan byggjast ut 3 utleiehytter som næringsføremål.
- **S10** Stora Brandvik: det kan byggjast ut totalt 3 bustader, av desse kan 2 nyttast som fritidsbustader
- **S12** Haukanes: det kan byggjast ut 3 utleiehytter som næringsføremål.

#### Retningslinjer for LNFR spreidd:

- ✓ Utleiehytter i område S7, S9 og S12 skal ikkje frådelast.
- ✓ Søknad om tiltak i område S8 (Litla Brandvik) skal godkjennast av fylkeskonservatoren før det vert gjeve tiltaksløyve.

## 6 BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG, PBL § 11-7 nr. 6

### 6.1 Generelt

- 6.1.1 Tiltak i strandsona skal sikre almen tilgang fram til og langs sjøen. Biologisk mangfald, landskap og kulturminne skal takast vare på. Heimel: PBL § 11-11 nr. 5.
- 6.1.2 Innanfor strandsona kan det tillatast tiltak som: naust, fritids- og turistføremål, sjøtilknytt næringsverksemd og landbruksrelaterte tiltak som er naudsynte på staden. Heimel §§ PBL 1-8 4.ledd og 11-11 nr. 4.

#### Retningslinjer for bruk og vern av sjø og vassdrag:

- ✓ Inngrep i strandsona bør ikkje vera større enn det som er naudsynt for bruken av tiltaket og utformast slik at dei verdiane områda langs sjøen representerer for allmenta vert styrka.
- ✓ Bruk og vern av strandsona bør avgjerast i samband med handsaming av plansak eller byggesøknad. Interessene friluftsliv, landskap, kulturminne og biologisk mangfald skal vurderast.
- ✓ Kommunen skal ved handsaming av søknad om tiltak eller anna verksemd i sjø, undersøka om tiltaka kjem i konflikt med kulturminne, biologisk mangfald og friluftslivinteresser.

### 6.2 Akvakultur

- 6.2.1 Føremålet er område for akvakultur i sjø og på land. Heimel: PBL § 11-7 nr. 6.
- 6.2.2 AK-lokalitet ved Tveitøyane skal vera knytt til botnkultur, dyrking av kamskjel. Heimel: PBL § 11-11 nr. 3 og 7.
- 6.2.3 Nye akvakulturanlegg skal ikkje lokaliserast nærare enn 200 m frå sikra sjøfuglområde, friluftsområde, badeplassar og særlege verneverdige kultur og sjøbruksmiljø. Heimel: PBL § 11-11 nr. 6.

6.2.4 Akvakulturanlegg skal ikkje lokaliserast nærare enn 50 m frå land. Heimel: PBL § 11-11 nr. 6.

6.2.5 Anlegg skal ikkje hindra eller sperra tradisjonelle ferdselsårer for småbåttrafikk. Heimel: PBL § 11-7 nr. 6.

#### Retningsliner for akvakultur:

- ✓ Det må synast varsemd i nærleiken av akvakultur-område ved lokalisering av tiltak som kan redusera verdien av desse områda, t.d. større kloakkutslipp eller tiltak som kan hindra tilkomst til området.

#### 6.3 Friluftsområde

6.3.1 Føremålet er friluftsområde i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone som naust, badeområde m.v med tilhøyrande teknisk anlegg, vegar, parkering og anna fellesareal. Heimel: PBL § 11-7 nr. 6.

6.3.2 Naust skal ha maks 40 kvm grunnflate, ha saltak med takvinkel 35-45 grader, vera maks 1 etasje, ha maksimal mønehøgde 5,0 m over lågaste terreng under bygget, ha knappe takutstikk, ikkje ha takvindauge, terrassar, balkongar, ark, karnapp eller større vindauge. Fargebruk og materialbruk i murar, kledning og tak skal vera som for tradisjonelle naust. Heimel: PBL § 11-9 nr. 5. og 6.

6.3.3 Omfang og lokalisering av naust. Heimel PBL § 11-11 nr. 2. I naustområde (N) kan det i planperioden førast opp:

- N1 Haukanes: 3 naust
- N3 Sørhuglo: 3 naust
- N4 Sørhuglo: 2 naust
- N6 Røssbøvika: 1 naust
- N7 Røssbøvika: 1 naust
- N8 Nordhuglo: 6 naust

6.3.4 Naust og tilhøyrande anlegg og aktivitetar er å rekna for uthus og skal ikkje hindre fri ferdsel i strandsona Heimel: PBL § 11-11 nr. 5

#### Retningsliner for friluftsområde:

- ✓ I etablert byggjeområde for naust, er fortetting med naust tillate når storleik og utforming er i samsvar med byggeskikken for naust i området. Dette gjeld også der eksisterande naust er større enn 40 kvm. Fortetting er bygging av 1-3 naust, eller frådelling av 1-3 nausttomter.
- ✓ Lokalisering og utforming av naust skal ikkje utløysa store terrenngrep og vera best mogleg tilpassa tradisjonelle naust i området.
- ✓ Ved tiltak i Røssbøvika (N6 og N7) skal det takast omsyn til friluftslivinteresser (offentleg badeplass gnr. 67/13), og eldre naust i området.
- ✓ Tiltak i naustområdet Haukanes (N1) må ta omsyn til omkringliggjande bygningsmiljø.

## 6.4 Fiske

6.4.1 Føremålet er område for fiskeressurs og fiskeri, med kaste- og låsetjingsplassar.

### Retningslinjer for fiske:

- ✓ Det er ikkje tillate med installasjonar som er til hinder for fiske, ferdsel og tradisjonell bruk av kaste og låsetjingsplassar innafør Fiskeområda.

## 6.5 Småbåthamn

6.5.1 Føremålet er område for småbåthamn.

6.5.2 Tiltak skal godkjennast av hamnemynde.

### Retningslinjer for småbåthamn:

- ✓ Småbåtanlegg i sjø og på land omfattar lagringsplass for båt, parkering, slipp, servicebygg, kai, bryggje, molo, bølgevern m.v..
- ✓ Ved utbygging av båthamn må det takast omsyn til vêr- og klimatilhøve, transportløyningar på land og sjø, samt landbruks-, natur- og friluftsiinteresser.
- ✓ Søkjar skal leggja fram dokumentasjon på trygg hamn og evt. naudsynte tiltak som sikrar trygg hamn.
- ✓ Flest mogleg av fritidsbåtar skal ha tilhald i småbåthamner. Plassering utanfor desse skal godkjennast av hamnesjefen

## 6.6 Kombinerte føremål i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone

6.6.1 Akvakultur-Fiske-Ferdsel (AFF) er fleirbruksområde der dei nemnde bruksområda akvakultur, fiske og ferdsel er likestilte.

6.6.2 Fiske-Ferdsel-Natur- og friluftsområde (FFNF) er fleirbruksområde der bruksområda fiske, ferdsel, natur- og friluftsliv er likestilte.

6.6.3 Akvakulturanlegg skal ikkje lokaliserast nærare enn 50 m frå land.  
Heimel: PBL § 11-11 nr. 6.

6.6.4 Natur- og friluftsområde (NF) er natur og friluftsområde i sjø og vassdrag, med tilhøyrande strandsone.

### Retningslinjer for kombinerte føremål i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone:

- ✓ Dei ulike interessene som inngår i kombinasjonsføremålet er i utgangspunktet likestilte.
- ✓ FFNF-områda skal i hovudsak vera fri for faste installasjonar og aktivitetar som kan hindra ålmenne interesser som ferdsel, fiske, friluftsliv eller naturtilstand eller anna ambulerande bruk av områda.
- ✓ Tradisjonelt fiske og ferdsel er tillate i desse områda.
- ✓ NF-område har høg verneverdi eller høg bruksverdi for sjøretta friluftsliv. Areala er sett i samanheng med tilstøytande landområde som er sikra eller bandlagde til tilsvarande føremål.

NF1= Haukanes med særskilte kvalitetar knytt til biologisk mangfald

NF2= Brandvika med særskilte kvalitetar knytt til biologisk mangfald



NF3= Tveit med særskilte kvalitetar knytt til biologisk mangfald og friluftsliv  
NF4= Huglahammaren med særskilte kvalitetar knytt til biologisk mangfald  
NF5= Røssbøvika med særskilte kvalitetar knytt til friluftsliv  
NF6= Leiro med særskilte kvalitetar knytt til biologisk mangfald

- ✓ NF-områda skal i hovudsak vera fri for faste installasjonar og aktivitetar som kan hindra ålmenne interesser.

## **7 OMSYNSSONER, jfr PBL § 11-8**

### **7.1 Ledd a) Sikrings-, støy- og faresoner med angivelse av fareårsak eller miljørisiko.**

7.1.1 **H370\_36:** Høgspenningsanlegg.

### **7.2 Ledd b) Sone med særskilt krav til infrastruktur med gitt type infrastruktur.**

7.2.1 **H410\_30:** Nye tiltak skal ikkje hindra framføring av trase for fastsamband til Tysnes. Nordhuglo. Heimel: PBL § 11-9 nr. 3 og 4.

7.2.2 Næringsområde Nordhuglo (gnr 3 bnr 2) kan utviklast før framføring av fastsamband dersom dette er basert på sjøtilkomst. Heimel: PBL § 11-9 nr. 3.

7.2.3 **H410\_31:** Krav om felles tilkomstveg frå nord

7.2.4 **H410\_32:** Krav om felles tilkomstveg frå sør

7.2.5 **H410\_34:** Krav om felles tilkomstveg til eigedomane

### **7.3 Ledd c) Sone med særskilt omsyn til landbruk, friluftsliv, grønstruktur, landskap eller vern av naturmiljø eller kulturmiljø, med gitt interesse.**

7.3.1 **H500\_39-40:** Omsynssone til strandsoneverdiar.

Innanfor avsett omsynssone skal det takast særskilte omsyn til strandsoneverdiar i området. Strandsoneverdiar er kartlagt med omsyn til definerte kriterium, skildra i eige vedlegg til kommunedeplanen. Det skal ikkje byggjast ned tilgjenge til strandsona, som ferdselskorridorar, nye tiltak skal i hovudsak plasserast vekk frå sjø, og tiltak skal tilpassast byggeskikk og landskap.

7.3.2 **H510\_17-21:** Omsynssone landbruk.

7.3.3 **H530\_26 og 37-38:** Omsynssone friluftsliv.

7.3.4 **H570\_25:** Omsynssone kulturmiljø i område Skarvene (S4).

**H 570\_41-47:** Omsynssone for bygningar frå bygningsvernplanen.

#### **Retningslinjer:**

- ✓ Naudsynte tiltak i landbruket vert definert som i rettleiar Landbruk +, T-1443:2005.
- ✓ **H510\_17-19 og 21:** omsynssone kjerneområde landbruk. Det skal ikkje tillatast privatiserande tiltak utanom tiltak knytt til stadbunden næring.

- ✓ **H510\_20** :omsynssone landbruk. Det skal ikkje byggjast på dyrka eller dyrkbar mark, på samanhengande innmarksbeite eller på samanhengande skogsområde av høg bonitet.

**7.4 Ledd d) Sone for bandlegging i påvente av vedtak etter PBL eller andre lovar, eller som er bandlagt etter slikt rettsgrunnlag.**

- 7.4.1 **H720\_24**. Omsynssone etter lov om naturvern. Naturreservat Storsøy.
- 7.4.2 **H720\_22**: Omsynssone etter lov om naturvern. Landskapsvernområde Brandvik.
- 7.4.3 **H720\_23**: Omsynssone etter lov om naturvern. Sjøfuglreservat Bleikjo.
- 7.4.4 **H730\_1-16**: Omsynssone etter kulturminnelova.

**7.5 Ledd e) Sone med krav om felles planlegging for fleire eigedomar, herunder med særskilte samarbeids- eller eigarformer, samt omforming og fornying.**

- 7.5.1 **H810\_29**: Krav om reguleringsplan. Stora Brandvik
- 7.5.2 **H810\_28**: Krav om reguleringsplan. Røssbøneset.  
Området kan tilretteleggast for LNF spreidt næring for tiltak i samband med utvikling av pedagogisk kurs- og kompetansesenter. Reguleringsplan må avklara trong for nye bygningar og andre tiltak, sjøtilkomst og vegtilkomst. Plankart syner mogleg vegtrasè som infolinje.
- 7.5.3 **H810\_35**: Krav om reguleringsplan. Sør-Huglo.
- 7.5.4 **H810\_27**: Krav om reguleringsplan. Nord-Huglo.

**7.6 Ledd f) Sone der gjeldande reguleringsplan framleis skal gjelda.**

- 7.6.1 R-170-000 Skarvene. Vedteken 24.03.1977.  
  
Planen skal gjelda med unntak av gnr 66 bnr 28.. Dette området er avsett til naustområde i kommunedelplanen.  
  
Det er sett byggegrense mot sjø innanfor planområdet.
- 7.6.2 R-172-000 Litlestølen. Vedteken 28.01.1999.
- 7.6.3 R-173-000 Nordhuglo. Vedteken 22.06.2000.  
  
Det kan tillatast reguleringsplanendringar for gnr. 3 bnr. 11 og 12, samt føremålsendring for naustrekkje til fritids- og turistføremål i reguleringsplan R-173-000.  
  
Det er sett byggegrense mot sjø innanfor planområdet.
- 7.6.4 R-174-000 Skarvene II. Vedteken 21.10.2004.  
  
Det er sett byggegrense mot sjø innanfor planområdet.

7.6.5 R-175-000 Myrvold hyttefelt. Vedteken 21.06.07.

## **8 REKKJEFØLGJEKRAV**

- 8.1 I nye bustadfelt skal det opparbeidast leikeplassar og fellesareal i samsvar med kommunalteknisk norm for Stord kommune. Leikeplassar og fellesareal skal vera ferdig opparbeidd før felta vert tekne i bruk (jfr. PBL § 11-9 nr. 4).**
- 8.2 Nye tiltak skal ikkje hindra framføring av trase for fastsamband til Tysnes. Linjeføring for fastsambandet skal vera fastsett før nye tiltak kan godkjennast innanfor omsynssoa H410-30.**

Stord, 26.08.09, revidert 01.07.2010, revidert 22.09.2010, revidert 04.10.2010, revidert 22.11.2010, revidert 07.12.2010  
Akvator AS